



**Deloitte.**

**Stord kommune**

Risiko- og vesentlegvurderingar for forvaltningsrevisjon  
og eigarskapskontroll

Mai 2024

«Risiko- og vesentlegvurderingar for  
forvaltningsrevisjon»

Mai 2024

Rapporten er utarbeidd for Stord  
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen, 5892  
Bergen  
tlf: 55 21 81 00  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)  
[forvaltningsrevisjon@deloitte.no](mailto:forvaltningsrevisjon@deloitte.no)

Deloitte AS

# Innhold

1	Innleiing	4
2	Organisering og nøkkeltal	7
3	Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	11
4	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområder i forvaltninga	14
5	Risiko i kommunen si eigarstyring og selskap	32
6	Forslag til forvaltningsrevisjons-prosjekter og eigarskapskontrollar	38
	Vedlegg 1 Utvida risikoanalyse av selskap med rekneskapstal	42
	Vedlegg 2 Rekneskapsanalyse	56

# Detaljert innholdsliste

1	Innleiing	4
1.1	Bakgrunn	4
1.2	Forvaltningsrevisjon	4
1.3	Eigarskapskontroll	4
1.5	Metode og gjennomføring	5
1.5.1	Prosessmøte 1 med kontrollutvalet	5
1.5.2	Dokumentanalyse	5
1.5.3	Analyse av statistikk	5
1.5.4	Intervju	5
1.5.5	Spørjeundersøking	5
1.5.6	Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase	5
1.5.7	Prosessmøte 2 med kontrollutvalet	5
1.5.8	Vedtak av plandokument	5
1.6	Lesarrettleiing	5
2	Organisering og nøkkeltal	7
2.1	Organisering	7
2.2	Finansielle nøkkeltal	8
2.3	Befolkningsutvikling	9
2.4	Kommunens eigarskap	9
3	Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	11
3.1	Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar av den kommunale verksemda	11
3.2	Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar i selskap	11
3.3	Tidlegare gjennomførte eigarskapskontrollar	11
4	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområder i forvaltninga	14
4.1	Sektorovergripande funksjonar	15
5	Risiko i kommunen si eigarstyring og selskap	32
5.1	Innleiing	32
5.2	Oversikt over kommunen sine eigarskap	33
5.3	Oversikt over identifiserte risikoområde knytt til kommunen sine eigarskap og i selskapa	36
6	Forslag til forvaltningsrevisjons-prosjekter og eigarskapskontrollar	38
	Vedlegg 1 Utvida risikoanalyse av selskap med rekneskapstal	42
	Vedlegg 2 Rekneskapsanalyse	56
	<b>Figurar</b>	
	Figur 1: Organisasjonskart	7
	Figur 2: Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap	32

## Tabellar

Tabell 1: Løyve til dei ulike tenesteområda (beløp i 1000 kr)	8
Tabell 2: Oversikt over kommunens eigarskap i selskap	9
Tabell 3: Identifiserte risikoområder knytt til sektorovergripande funksjonar	15
Tabell 4: Identifiserte risikoområder knytt til oppvekst og kultur	19
Tabell 5: Identifiserte risikoområder knytt til tekniske tenester og planarbeid	24
Tabell 6: Identifiserte risikoområder knytt til rehabilitering, helse og omsorg	27
Tabell 9 Oversikt over selskapa kommunen eig eller har eigardelar i	34
Tabell 10: Identifiserte risikoområde i kommunens eigarskapsforvaltning og i kommunen sine selskap	36
Tabell 10: Prosjekter med høg risiko (røde)	38
Tabell 11: Prosjekt med middels risiko (gul)	40
Tabell 12: Eigarskapskontroll	41

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

I samsvar med prosjektplanar vedtatt av kontrollutvalet i møte 20.09.23 PS 32/23 har Deloitte gjennomført risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurderingar) av Stord kommune si verksemd og i selskapa der Stord kommune har eigarinteresser. Føremålet med ROV-vurderingane har vore å skaffe relevant informasjon om de delane av verksemdene i kommunen og de selskapa der kommunen har eigarinteresser, som det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll av.

ROV-vurderingane er systematisert og framstilt i dette analysedokumentet. Dokumentet dannar grunnlag for kontrollutvalets arbeid med planer for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for 2024-2028. Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide slike planer, som skal bli vedtatt av kommunestyret.

I arbeidet med ROV-vurderingane og utarbeidinga av analysedokumentet har det blitt gjennomført møte med kontrollutvalet, dokumentgjennomgang, intervjuar og spørjeundersøkingar (sjå seksjon 1.5).

Analysen er av overordna karakter og i stor grad basert på informasjonen som har kome fram gjennom intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av føreliggjande dokumentasjon. Datagrunnlaget er i avgrensa grad verifisert. Datagrunnlaget er i analysedokumentet nytta som indikasjon på risikoforhold som kan eller ev. bør følgjast opp/undersøkjast i forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller gjennom andre undersøkingar, dersom kontrollutvalet og kommunestyret ønskjer dette.

## 1.2 Forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3 går det fram at forvaltningsrevisjon inneber å gjere systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Same lov § 23-2 bokstav c), pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

Det er vidare eit krav at plan om forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurdering).

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon..

## 1.3 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei oppgåve som er lagt til kontrollutvalet etter kommunelova § 23-2 bokstav d), og er nærare skildra i kommunelova § 23-4. Der går det fram at eigarskapskontroll inneber å kontrollere om forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser blir skjøtta i samsvar med regelverk, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll::

Kontrollutvalet skal minst én gang i valgperioden, og senest innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eigarskapskontroller som skal gjennomføres.

Som med plan for forvaltningsrevisjon, skal også plan for eigarskapskontroll vere basert på ei ROVvurdering:Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om kor det er størst behov for eigarskapskontroll, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for eigarskapskontroll og å prioritere kva eigarskapskontrollar det kan vere aktuelt å gjennomføre.

## 1.4 Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll

Det er kommunestyret som vedtek plan for eigarskapskontroll. Kommunestyret kan delegerere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

## 1.5 Metode og gjennomføring

I prosessen med ROV-vurderingar har vi nytta ein metodikk med høg grad av involvering, både av kontrollutvalet og av sentrale personar i administrasjonen og i kommunestyret. Ei slik tilnærming har bidrege til at vi har avdekka kva forvaltningsområde, tenesteområde, selskap og eigarskap det er knytt størst risiko til. I tillegg har høg grad av involvering bidrege til å forankre planarbeidet og gjere det kjent både i kommunestyret og i administrasjonen. Dette vil skape eit godt grunnlag for gjennomføring av prosjekta som blir prioritert i planane

### 1.5.1 Prosessmøte 1 med kontrollutvalet

I det første prosessmøtet fekk kontrollutvalet høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der kommunen har eigarinteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet..

### 1.5.2 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen tok utgangspunkt i planar, meldingar og rapportar frå kommunen. Vi har òg undersøkt kva tilsyn som er gjennomført og eventuelt planlagt i kommunen. Desse har samla gitt eit oversyn over kommunen sine mål og strategiar, samt bidrege til å avdekkje område med risiko eller behov for forbetring.

### 1.5.3 Analyse av statistikk

Vi har gjennomgått relevant statistikk frå mellom anna KOSTRA, tenestepesifikke tall frå Udir, HelseDirektoratet og Bufdir for å undersøke om det er områder der kommunen skil seg frå kommunar det er relevant å samanlikne seg med og gjennomsnittet for landet. Samanlikningane kan gi indikasjonar på risikoområder som det kan vere relevant å undersøke nærare.

### 1.5.4 Intervju

Vi har gjort intervju med både politiske og administrative leiarar i kommunen. Vi har intervjuet kommunedirektør, samt sentrale leiarar frå administrasjonen (6 personar). I tillegg har vi intervjuet ordførar, varaordførar og utvalsleiarar (5 personar). Intervjua er gjennomført via Teams.

### 1.5.5 Spørjeundersøking

Administrative leiarar og folkevalde i kommunestyret har vært involvert i ROV-vurderingane gjennom ei undersøking i Questback (elektronisk

spørjeundersøkingverktøy). I denne ble leiarar og politikarane bedt om å peike på potensielle risikoar innanfor det tenesteområdet de har ansvar for eller kjenner særleg til, samt risikoområder knytt til selskap kommunen eigar.

### 1.5.6 Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase

Deloitte har nytta Dun & Bradstreet SmartCheck for å få tilgang til rekneskapsopplysningar og informasjon om eigarskap og eigarskapsstruktur. Denne informasjonen er nytta både for å få oversyn over alle aktuelle selskap som skal omfattast av ROV-vurderingane, og for å avdekkje eventuelle risikoar gjennom de føreliggjande finansielle nøkkeltala.<sup>1</sup>

### 1.5.7 Prosessmøte 2 med kontrollutvalet

I dette møtet legg revisjonen fram ROV-vurderingane (dette dokumentet) og basert på desse, forslag til prosjekt. ROV-vurderingane og forslag til prosjekt vil i dette møtet bli lagt til grunn når kontrollutvalet skal prioritere område eller prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for dei neste fire åra.

### 1.5.8 Vedtak av plandokument

Basert på dei prioriteringane som kontrollutvalet gjer i prosessmøte 2, vil det bli utarbeidd to plandokument. Dette dokumentet blir vedtatt av kontrollutvalet før det blir sendt vidare til kommunestyret for endeleg vedtak.

## 1.6 Lesarrettleiing

Innspela som er samla inn i samband med den ROV-vurderinga er systematiserte og framstilte i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar.

I kapittel 2 gir vi ei kort oversikt over organisering av og nøkkeltal for kommunen.

Kapittel 3 inneheld oversikt over tidlegare gjennomførte og pågåande forvaltningsrevisjonar, selskapskontrollar, eigarskapskontrollar, samt oversikt over gjennomførte og planlagde tilsyn.

Kapittel 4 omhandlar forvaltningsrevisjon. Her presenterer vi oversikt over identifiserte risikoområder innan dei ulike verksemdsområda. Risikoområder knytt til eigarstyring og selskap er omtalt i kapittel 5. Risikovurderingane og forslag til prosjekter er basert

desse tilfella har ikkje revisjonen tilgang på nøkkeltal. Slike manglande data vil bli opplyst om der det er relevant.

<sup>1</sup> Ikkje alle interkommunale selskap (IKS) er underlagt innleveringsplikt til Brønnøysundregisteret. Det førekjem også at slike selskap ikkje leverer årsregnskap til Brønnøysundregisteret. I

på en overordna gjennomgang av kommunen sine tenesteområde og selskapa kommunen har eigarskap i.

Risikovurderingane knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll dannar grunnlag for forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar. Forslaga er presentert i kapittel 6.

**Forslaga til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkjefølge.** Prioritering og val av prosjekt skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og/eller ta vekk prosjekt frå lista som her er presentert.

I vedlegg 1 presentere vi ei utvida risikoanalyse av selskap med rekneskapstal. I vedlegg 2 skildrar vi rekneskapsanalysen.



# 2 Organisering og nøkkeltal


## 2.1 Organisering

Stord kommune er organisert som en to-nivåkommune. Kommunedirektøren si leiargruppe består av kommunedirektør, kommunalsjefar, økonomisjef, personal- og organisasjonssjef og plansjef.

- Kommunalsjef for oppvekst og kultur har ansvar for fagavdelinga, 10 skular, fem barnehagar, førebyggjande tenester, barnevernet, vaksenopplæringa og kultur.
- Kommunalsjef for helse har ansvar for fagkontor, aktivitet og rehabilitering, habilitering, heimebaserte tenester, Knusaåsen omsorgssenter, legetenesta, NAV kommune, psykisk helse og rus, Stord sjukeheim og tildelingskontoret.
- Plansjef har ansvar for fagkontor, regulering, byggesak og oppmåling, brann og feiing, hamnestellet og landbrukskontoret.
- Økonomisjef har ansvar for økonomi, rekneskap og innkjøp.

Organiseringa går fram i figuren under.

Figur 1: Organisasjonskart



## 2.2 Finansielle nøkkeltal

**Netto driftsresultat** er ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, jf. berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunane er på 1,75 %.

Netto driftsresultat i Stord kommune var i 2022 på om lag minus 2 millionar kroner. Netto driftsresultat utgjorde 0,1% av driftsinntektene.

For 2024 er det budsjettert med et netto driftsresultat på 68 millionar. Driftsresultat av driftsinntekter er budsjettert til 3,4%.

Målet for økonomiplanen 2024-2026 er å ha eit netto driftsresultat på mellom 0,4% og 0,6% av

driftsinntektene, altså under det anbefalte nivået frå TBU på 1,75%.

Ifølgje økonomiplanen har Stord kommune et **disposisjonsfond** på 4,6 % av brutto driftsinntekter. Dette er noko lågare enn Riksrevisjonens anbefalte nivå for disposisjonsfondet storleik (5 %).

Stord kommune hadde i 2023 lånegjeld på 160,8 % av brutto driftsinntekter. Riksrevisjonens anbefalte nivå når det gjeld lånegjeld, er på 75 % av driftsinntektene. Samla lånegjeld i Stord kommune var 3115 millionar kroner i 2022 (auke på 260,9 millionar kroner frå 2021).

Tabellen under viser **tildelingar til dei ulike tenesteområda og rekneskap** i Stord kommune i 2022. Kollona «avvik i kr» viser avvik mellom redvidert budsjett og rekneskaper for dei ulike tenesteområda.

Tabell 1: Løyve til dei ulike tenesteområda (beløp i 1000 kr)

Namn	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2022	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
Folkevalde, politiske utval	5 909	5 549	47 570	-42 021	-757,30 %
Planarbeid	3 475	4 778	3 268	1 510	31,60 %
Administrasjon og leiling	-76	20 626	3 159	17 467	84,70 %
Kyrkja	8 703	8 937	8 956	-20	-0,20 %
Næring, landbruk	14 981	4 061	3 746	314	7,70 %
Skatt, rammetilskot og finans	109	6	82	-76	-1187,80 %
Utval for oppvekst og kultur	0	35	0	35	100,00 %
Fagavdeling oppvekst og kultur	153 652	158 285	153 996	4 289	2,70 %
Barnehagar	39 109	40 403	40 224	180	0,40 %
Skule, SFO	245 895	274 452	276 174	-1721	-0,60 %
Vaksenopplæring	9 936	11 211	9 337	1874	16,70 %
Helsestasjon, Pedagogisk-psykologisk teneste, Ungdomsteam	38 543	43 976	42 650	1 326	3,00 %
Barnevern	47 580	55 944	54 803	1 141	2,00 %
Eining for kultur	29 081	28 754	28 886	-132	-0,50 %
Fagavdeling rehabilitering, helse og omsorg	-32 515	-32 152	-32 286	134	0,40 %
Heimebaserte tenester	82 281	92 437	95 133	-2 697	-2,90 %
Institusjon	156 915	176 142	183 814	-7 671	-4,40 %
Rehabiliteringstenester	12 870	15 080	14 174	905	6,00 %
Tenester til personar med utviklingshemming	136 973	151 266	151 505	-238	-0,20 %
Tildelingskontoret	37 125	39 266	40 164	-898	-2,30 %
Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	19 137	20 742	20 914	-173	-0,80 %
Eining for psykisk helse og rus	43 941	43 058	41 518	1 540	3,60 %
Legeteneste	27 935	33 644	34 612	-968	-2,90 %
Nav kommune	35 647	43 516	40 653	2 863	6,60 %
Regulering, byggesak og oppmåling	2 776	4 271	4 054	217	5,10 %
Eining for tekniske tenester	-8 597	-22 806	-25 708	2 902	12,70 %
Brann og redning	11 681	12 435	11 762	672	5,40 %
Avskrivingar	0	0	0	0	0,00 %
<b>Sum tenesteområde</b>	<b>1 123 062</b>	<b>1 233 916</b>	<b>1 253 161</b>	<b>-19 245</b>	<b>-1,60 %</b>

Som det går frå av tabellen over er dei største kostnadane til Stord kommune knytt til oppvekst og helse og omsorg.

I undersøkinga som revisjonen har gjennomført blir det vist til at Stord kommune har ein krevjande økonomi og at det er høge krav til innsparing dei

neste åra. Det blir vist til at kommunen i dag i stor grad leverer tenester i tråd med lover, reglar og retningslinjer, men at økonomiske innsparingar i seg sjølv utgjør ein risiko for at dette går ut over kvaliteten på tenestene kommunen leverer. Det går også fram at kommunen over fleire år har vore høgt oppe på kommunebarometeret si måling av effektiv kommuneadministrasjon. Mellom anna har Stord kommune lågare nettoutgifter til administrasjon pr. innbyggjar samanlikna med nesten alle kommunar i Noreg. Fleire peikar på at sjølv om dette bidreg til å halde administrasjonskostnadane nede i kommunen, er det også ein risiko for eit svært høgt arbeidspress for dei kommunale leiarane.

### 2.3 Befolkningsutvikling

Befolkningsutviklinga i kommunen er relevant å omtale av fleire årsaker. For det første er innbyggjartilskot ein del av inntektssystemet til kommunane. Vidare må dei kommunale tenestenes tilpassast demografiske forhold og endringar.

Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar (talet på innbyggjarar per 1. juli) til alle kommunane. Deretter skjer det ei omfordeling på bakgrunn av fleire faktorar. For 2024 er innbyggjartilskotet før omfordeling 29 832 kroner per innbyggjar

Det går fram av årsmeldinga for 2021 at Stord kommune lenge har hatt vekst i folketalet og at folketalet auka med 58 personar frå 2021 til 2022. I 4.

kvartal 2023 auka folketalet med 85 personar og folketalet i Stord kommune pr. 4 kvartal i 2023 var 19 287.

Det går fram at SSB sine prognosar at Stord kommune framleis vere ein vekstkommune, men fram mot 2050 er veksten prognosert å vere 0,11% årleg, eller ein samla vekst på 3,2% fram til 2050. Vestland fylkeskommune sine prognosar viser derimot at folketalet vil bli redusert i Stord kommune fram mot 2045 med totalt 5,6%, eller ei gjennomsnittleg endring på -0,2% per år.

Folketalsframskriving for barn i alderen 0–5 år i Stord kommune frå Statistisk sentralbyrå (SSB) i juli 2022 viser ein nedgang på 124 barn i alderen 0–5 år i Stord kommune i perioden 2022–2027. Dersom dette slår til, vil behovet for barnehageplassar i kommunen bli merkbart redusert.

Fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder går konsekvensar for inntekter, behov for pleie- og omsorgstenester og tilgjengeleg arbeidskraft i kommunen.

### 2.4 Kommunens eigarskap

Stord kommune har eigarskap i 16 selskap i ulike bransjar. Av desse selskapa er to heileigde av Stord kommune.

Kommunen sine eigarskap, som vil bli nærare omtalt i kapittel 5, går fram i tabellen under:

Tabell 2: Oversikt over kommunens eigarskap i selskap

Selskap	Bransje	Selskapsform	Eigardel
Podlen verkstad	Varig tilrettelagt arbeid	AS	100%
Stord kommunale utviklingsselskap AS	Utvikling og sal av eigen fast eigedom elles	AS	100%
Sunnhordland lufthavn A/S	Andre tenester tilknytt lufttransport	AS	79,0%
Stord folkehøgskule	Folkehøgskoleundervisning	AS	49,7%
Sunnhordland interkommunal miljøverk IKS	Behandling og disponering av ikke-farlig avfall	IKS	31,1%
Opero holdning AS	Annen undervisning ikke nevnt annet sted	AS	28,03%
Region Sunnhordland AS	Offentlig administrasjon tilnyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked	IKS	12,5%
Krisesenter Vest IKS	Omsorgsinstitusjoner ellers	IKS	10,5%

<b>Huglabutikken AS</b>	Butikkhandel med bredt vareutvalg med hovedvekt på nærings- og nytelsesmidler	AS	8,53%
<b>Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS</b>	Drift av arkiver	IKS	4,49%
<b>Atheno AS</b>	Bedriftsrådgivning og annen administrativ rådgivning	AS	3,91%
<b>Kinoalliansen AS</b>	Bedriftsrådgivning og annen administrativ rådgivning	AS	3,7%
<b>Hordfast AS</b>	Eidomsforvaltning	AS	3,37%
<b>E134 Haukelivegen AS</b>	Infrastruktur	AS	2,17%
<b>Sunnhordland kraftlag AS</b>	Produksjon av elektrisitet fra vannkraft	AS	2,13%
<b>IMS Kjeden AS</b>	Annen foretningmessig tjenesteyting ikke nevnt annet sted	AS	1,0%

# 3 Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn

## 3.1 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar av den kommunale verksemda

- Forvaltningsrevisjon av effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming – 2023
- Forvaltningsrevisjon av førebyggjande arbeid for barn og unge – 2022
- Forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) – 2021<sup>2</sup>
- Forvaltningsrevisjon av beredskap – 2021
- Forvaltningsrevisjon av plan- og byggesakshandsaming - 2020
- Forvaltningsrevisjon av psykisk helsearbeid og rusomsorg – 2019

## 3.2 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar i selskap

- Selskapskontroll av Podlen Verkstad AS – 2019  
Denne inkluderte kontroll av kommunen si forvaltning av eigarskap i selskapet og forvaltningsrevisjon i selskapet.

## 3.3 Tidlegare gjennomførte eigarskapskontrollar

- Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning – 2024

## 3.4 Tilsyn

Fleire aktørar har gjennomført tilsyn med Stord kommune de siste fire åra:

I perioden januar-april i 2024 har Statsforvalter i Vestland gjennomført tilsyn med gjennomføring av spesialundervisning. Arbeidstilsynet har også i 2024 gjennomført tilsyn med muskel- og skjelettplager og psykiske plager i heimebaserte tenester, Stord sjukeheim og Stord ungdomsskule.

I 2024 har Statsforvaltaren i Vestland planlagt å gjennomføre kommunetilsyn med kommunens forsøplingsmyndighet (§ 28), tilsyn med bruk av elektronisk medisineringsstøtte hjå heimebuande eldre, heimeopplæring og internkontroll, gjennomføring av spesialundervisning og mottak av farleg avfall.

I perioden 2023 – 2020 har følgande tilsyn blitt gjennomført:

- Havnesikringstilsyn – Leirvik Nattrutekai havneanlegg – Kystverket (2023)
- Tilsyn med krisesentertilbudet – Statsforvaltaren i Vestland (2023)
- Revisjon/inspeksjon – Mattilsynet (2023)
- Martikkellovtilsyn – Statens kartverk (2023)
- Tilsyn med forebygging av muskel- og skjelettplager og psykiske plager i eining for psykisk helse og rus, Åsen bustader, Kjøtteinsvegen bustadar, Studalen bustader, Sæbøhaugen bustader, – Arbeidstilsynet (2022)
- Tilsyn helse og omsorg – habilitering – Statsforvalteren i Vestland (2022)
- Revisjon av drikkevann - Mattilsynet (2022)
- Sosiale tenester til ungdom 17-25 år – Statsforvalteren i Vestland (2022)
- Spesialpedagogisk hjelp og individuell tilrettelegging – Statsforvalteren i Vestland (2022)
- Havnesikringstilsyn med Leirvik Nattrutekai havneanlegg – Kystverket (2022)
- Kontrollaksjon avløp – Statsforvalteren i Vestland (2021)
- Tilsyn med skulemiljø – Statsforvalteren i Vestland (2021)

<sup>2</sup> Samarbeid mellom kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio

- Tilsyn med barnevern – undersøkelser – Statsforvalteren i Vestland (2021)
- Tilsyn med tilgjenge til sosial tenester – Statsforvalteren i Vestland (2020)
- Tilsyn med grunnopplæring vaksne – Statsforvalteren i Vestland (2020)





# 4 Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområder i forvaltninga

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, vil vi i dette kapittelet oppsummera og vurdere risiko for svikt, feil og manglar i målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, effektivitet og internkontroll som er identifisert innan dei respektive verksemdsområda for Stord kommune som er gjennomgått.

Overskriftene i kapittel 4.1-4.4 følgjer den administrative organiseringa i Stord kommune. Tekniske tenester og planarbeid er slått saman i ein tabell.

Risikonivå er i tabellane farga med raud som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Fargesymbol	Skildring av risiko
	Høg risiko og/eller vesentlege område På områder som er merket med rødt meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for svikt, feil og manglar i målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, effektivitet og internkontroll, og/eller at det har store konsekvensar for kommunen dersom identifiserte risikoar skulle inntreffe.
	Middels risiko og/eller vesentlege område På områder som er merket med gult meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for svikt, feil og manglar i målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, effektivitet og internkontroll, og/eller at det har middels store konsekvensar for kommunen dersom identifiserte risikoar skulle inntreffe.

I tabellane under vil vi under kvar sektor omtale utvalde område og tema. Dette er område og tema som blir framheva i dei data som revisjonen har analysert. Det betyr at område der det ikkje eksplisitt er identifisert risiko ikkje er omtala.

Det blir kommentert dersom det er planlagt tilsyn eller gjennomført forvaltningsrevisjonar eller tilsyn dei siste åra innanfor dei områda og temaa som er omtala.

Under kvart område identifiserer vi dei hovudtema analysen viser at det er knytt risiko til. Dette vil vere naturlege moment som takast med i ein eventuell forvaltningsrevisjon.

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønsmessige, og at vurderingane er baserte på føreliggande informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt i dei planane som blir lagt fram for kommunestyret.



Vi preisere at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen.



#### 4.1 Sektorovergripande funksjonar

Fleire av dei sektorovergripande funksjonane i Stord kommune er organisert under økonomisjef og personal- og organisasjonssjef. Mellom anna ligg områda overordna økonomi, rekneskap og innkjøp under økonomisjef. Områda som er organisert under personal- og organisasjonssjef er mellom anna overordna fellestenester, IKT og løn- og personal. Vidare har eininga *fellestenester* mellom anna ansvar for arkiv, politisk sekretariat og førebuing og gjennomføring av politiske møte i kommunen.

Tabell 3: Identifiserte risikoområder knytt til sektorovergripande funksjonar

Revisjonstema og identifiserte risikoar	Risiko- og vesentlegvurdering
<b>Berekraft og klima</b>	
<p>Eitt av tre satsingsområde i kommuneplanen sin samfunnsdel (2022-2034) i Stord kommune er at Stord skal vere ein grøn by. Dette inneberer at Stord skal vere ein føregangskommune i det grønne skiftet og nå målet om eit attraktivt nullsleppssamfunn i 2030.</p> <p>I oktober 2023 vedtok kommunestyret i Stord kommune ein handlingsplan for klima. Målsetninga i planen er å få oversikt over og prioritere tiltak som gjer at Stord kommune skal bli ein nullutsleppskommune i 2030 med eit primært fokus på eigen organisasjon.</p> <p>Det blei vidare vedtatt at det frå 2023 skulle bli utarbeidd klimabudsjett i Stord kommune. I årsbudsjettet for 2024 går det fram at det ikkje er lagt inn eit klimabudsjett for 2024 .</p> <p>Fleire peikar på at klima er eit aktuelt risikoområde for kommunen, særleg med tanke på auke i ekstremvær og rasfare. I intervju blir det vist til at kommunen deltek i jamlege møter med Statsforvaltar i Vestland om dette temaet.</p>	<p><b>Risiko knytt til:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Klimabudsjett og klimarekneskap</li><li>• Etterleving av FN sine berekraftsmål</li></ul>
<b>Bemanning, personalforvaltning og sjukefråvær</b>	
<p>Både i dokumentasjon og i intervju går det fram at Stord kommune har hatt eit høgt sjukefråvær over fleire år. I 2022 hadde kommunen eit totalt sjukefråvær på 11 %. I årsmeldinga frå 2022 går det fram at eit høgt sjukefråvær har medført tidvis utfordringar med å oppretthalde tenestetilbodet og at det har ført til ekstra belastning for dei som var vore på jobb.</p> <p>I intervju går det fram at kommunen har sett i verk fleire tiltak for å få ned sjukefråveret, mellom anna opplæring av leiarar i alle sektorar. Det blir likevel stilt spørsmål ved om dette arbeidet er like godt følgt opp i alle delar av organisasjonen og i kva grad overordna retningslinjer er tilstrekkeleg implementert. I spørjeundersøkinga blir det særleg innanfor helse peikt på at det kan vere utfordrande for leiarar å følgje opp sjukemeldte.</p> <p>I undersøkinga kjem det fram at kommunen har utfordringar med å rekruttere tilsette med rett kompetanse til enkelte sektorar mellom anna innanfor helse og opplæring.</p>	<p><b>Risiko knytt til:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Brot på lover og regelverk</li><li>• Sjukefråværsoppfølging</li><li>• Rekruttering</li><li>• Etterleving av overtidsreglement</li></ul>

---

Nyleg har det kome fram at Stord kommune har brote overtidsreglementet for vaktordningar innanfor tekniske tenester og Stord brann og redning. Det blei orientert om at kommunen har etablert rutinar for bruk av overtid i møte i kontrollutvalet 15.04.24.

---

### Saksførebuing og vedtaksoppfølging

I intervju går det fram at dei fleste meiner det er liten risiko for at politiske vedtak ikkje blir innfridd.

I spørjeundersøkinga blir det kommentert at det for ofte er feil knytt til kostnader og dårleg informasjonsflyt i samband med saksførebuing. Når det gjeld oppfølging av politiske vedtak blir det både i spørjeundersøkinga og i intervju kommentert at oppfølging av politiske vedtak kan ta lang tid og at dette i hovudsak skuldast kapasitet i administrasjonen. Det blir også peika på at både politikarane og administrasjonen i kommunen kunne kommunisert betre og tydlegare rundt prioriteringar i sakene.

#### Risiko knytt til:

- Kapasitet
- Kommunikasjon mellom politikarar og administrasjon

---

### Beredskap og krisehandtering

Det er utarbeidd ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for kommunane Stord og Fitjar. Denne blei sist revidert i januar 2022.

Det blir i intervju også vist til ulike ROS-analysar som er gjennomført på enkeltområder i organisasjonen, men dette er ikkje er gjennomført for alle områder. Det er vidare utarbeidd beredskapsplan i høve til atomhendingar som blei utarbeidd etter eit plangrunnlag frå Statsforvaltaren og Statens strålevern.

I prosessmøte som blei gjennomført med kontrollutvalet blei det kommentert at dette med beredskap og krisehandtering er særleg aktuelt på grunn av auke i ekstremvær.

I intervju blir det vist til at beredskap og krisehandtering er eit stort og omfattande område som har blitt meir aktuelt dei siste åra med pandemi og situasjonen i Ukraina. Mellom anna deltek Stord kommune i hyppige møter med Statsforvaltar i Vestland knytt til beredskapsarbeidet. Det blir også gjennomført beredskapsøvingar.

I 2019 gjennomførte Statsforvaltar i Vestland eit tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Stord kommune. Her blei det ikkje avdekt brot på lov og forskrift, men det blei avdekka nokre merknader til kommunen knytt til ROS-analysen og krisekommunikasjon.

Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av beredskap i 2021. Statsforvaltar i Vestland gjennomførte eit tilsyn med krisesentertilbodet i 2023.

---

### Anskaffingar og kontrakts- og leverandøroppfølging

---

Regelverket for offentlege anskaffingar er komplekst og stiller strenge krav til innkjøparar. Det er slik ein ibuande regulatorisk risiko på området.

Stord kommune er med i Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum og Stord kommune er vertskommune for denne ordninga. I intervju blir det vist til at dette er ein fordel for kommunen og at ein også gjennomfører mange innkjøp gjennom rammeavtar. Samtidig blir det vist til at innkjøp er eit stort område og det kan vere utfordringar med kapasitet hjå tilsette som har dette som en del av sine ansvarsoppgåver.

I intervju blir det vidare peikt på at det blir arbeidd mykje med innkjøp og anskaffingar i Stord kommune, men at det framleis er vanskeleg å vite om kommunen er «gode nok». Det blir også kommentert at nokre delar av organisasjonen gjennomfører innkjøp utanfor innkjøpssamarbeidet. Det blir stilt spørsmål ved om desse er godt nok kjende med regelverket.

I intervju blir det peikt på at det er forbetningspotensiale knytt til kontrakts- og leverandøroppfølging i Stord. Vidare blir det stilt spørsmål ved om kommunen har tilstrekkeleg bestillingskompetanse.

**Risiko knytt til:**

- Anskaffingsregelverk
- Kontraktsoppfølging
- Brot på arbeidsmiljølova
- Budsjettoverskridingar
- Brot på internt regelverk

---

## Investeringar

I økonomiplan for 2024-2027 går det fram at dei største investeringane i for budsjettåra 2024-2027 er følgjande<sup>3</sup>:

- Reinseanlegg avløp, sekundærreinsing – 575 000
- Samlepost spesifiserte prosjekt i KDP-VA – 390 000
- Djupavikjo RA (3.9) - 260 000
- Ravatnet – reservevassforsyning – 150 000
- Samarbeidsprosjekt med private – 90 000
- Ny rackethall – 81 000
- Sævarhagen RA (4.0) – 79 700
- Nysætervegen VA - 67 300

I fleire av intervjua revisjonen har gjennomført blir det vist til at den økonomiske situasjonen i Stord kommune gjer at det har vore naudsynt med strenge prioriteringar og at nokre investeringsprosjekt har blitt satt på vent. I undersøkinga blir det peikt på at det potensielt er ein stor risiko knytt til gjennomføring av investeringsprosjekt ettersom det er snakk om store summer og at dette utgjer ein risiko fordi kommunen vil miste økonomisk og politisk handlerom om ein gjer feil i investeringsprosjekt.

**Risiko knytt til:**

- Investeringsprosess
- Budsjettoverskriding

---

## Kunstig intelligens

Både i dag og i framtida vil kunstig intelligens vere noko kommunen må forhalde seg til og dra nytte av. I åra framover vil det vere viktig for kommunen å vurdere korleis kunstig intelligens kan nyttast til å for eksempel:

**Risiko knytt til:**

- Rettleiing og opplæring av tilsette
- Ivaretaking av personvern

---

<sup>3</sup> Tal er oppgitt i 1000

- Effektivisere og sikre likebehandling i sakshandsaming
- Bruke velferdsteknologiske løysningar innan omsorgs- og velferdssektoren i enda større grad
- Redusere samfunnsrisiko knytt til klimaendringar ved til dømes å predikere overvatn og jordskred, eller betre forstå korleis ein skal koordinere utrykking til katastrofar og hendingar
- Predikere kommunen sitt behov innan ulike område for betre ressursnyutting, til dømes i kommunen sitt arbeid med køyreruter innan ulike tenester
- Tilpasse kommunikasjon med ulike brukargrupper
- Sikre god praksis av KI i skule med særleg vekt på kunnskap, læring og barn og unge sitt personvern
- Effektiv bruk av KI
- Kvalitetssikring

I undersøkinga går det fram Stord kommune har vore tidleg ute med bruk av velferdsteknologi i sine helsetenester. Kommunen har ikkje har ein overordna strategi eller plan for bruk av og tilpassing til at samfunnet og kommunen i større grad vil ta i bruk kunstig intelligens.

---

### Arkiv og offentlegheit

Arkiv og offentlegheit blir føreslått som aktuelt tema for forvaltningsrevisjon i intervju revisjonen har gjennomført.

I intervju blir det vist til at det er ein viss risiko for at ein ikkje alltid klarar å skjerme dokument på postlista samtidig som ein har fokus på mest mogleg openheit. Mellom anna hadde Stord kommune eit alvorleg avvik i samband med postlisteføring i 2023. I etterkant av desse hendingane ble det sett i verk fleire tiltak på området. Det blir også peikt på risiko for at det skjer menneskelege feil knytt til trass for etablerte rutinar.

#### Risiko knytt til:

- Etterleving av arkiv- og offentleglova
- Openheit i organisasjonen
- Tap av arkivverdige materiale

---

### Informasjonstryggleik og personvern

I årsmelding frå 2022 går det fram at ein har starta innføringa av eit nytt styringssystem i kommunen (fiks Digiorden) og at dette vil bidra til å styrke informasjonstryggleiken i kommunen.

Stord kommune har inngått i eit samarbeid med Telenor som skal registrere uvanleg data-aktivitet og hindre uønska hendingar. I intervju blir det mellom anna vist til at kommunen vil vere sårbar for eit eventuelt dataangrep og at ein i ytste konsekvens ikkje vil vere i stand til å drifte samfunnskritiske funksjonar

I intervju revisjonen har gjennomført peikar fleire på at det alltid vil vere ein risiko knytt til informasjonstryggleik då informasjonstryggleik- og personvern er eit omfattande og krevjande område. Det vil også vere knytt risiko til menneskelege feil i bruk av system. Det blir peikt på at sjølv om kommunen arbeider aktivt med dette på systemnivå og at det er sett opp aktivitetar i eit årshjul, har kommunen likevel hatt avvik knytt til informasjonstryggleik. Det blir vist til at det derfor hadde vore hensiktsmessig med ein forvaltningsrevisjon på dette område.



#### Risiko knytt til:

- Brot på regelverk
- System og rutinar knytt til informasjonstryggleik og personvern
- Datainnbrot og tap av verdiar

## 4.2 Oppvekst og kultur

Oppvekst og kultur i Stord kommune består av ei fagavdeling for oppvekst og kultur, ti grunnskular, fem barnehagar, førebyggjande tenester, barnevernet, vaksenopplæringa og kultur.

Tabell 4: Identifiserte risikoområder knytt til oppvekst og kultur

Revisjonstema og identifiserte risikoar	Risiko- og vesentlegvurdering
<b>Individuell tilrettelegging<sup>4</sup> og tilpassa undervisning</b>	
<p>I årsmelding frå 2022 går det fram at 4,8 prosent av elevar i grunnskulen på Stord får spesialundervisning. Dette er lågare enn gjennomsnittet for kommunegruppader talet er 7,9 prosent. Tal frå KOSTRA viser at gjennomsnittet for årstimar til spesialundervisning per. elev med spesialundervisning er 299,1 i Stord kommune. I kostragruppa er gjennomsnittet 129,4 timar. I intervju blir det peikt på at det er en risiko for at elevar som har behov for eit lågt antall timar med spesialundervisning ikkje får det. Samtidig blir det peikt på at behovet for spesialundervisning har vore aukande dei siste åra.</p> <p>I årsmeldinga går det fram at PPT over tid har hatt større fokus på den delen av mandatet som omfattar organisasjonsutvikling og kompetanseheving for barnehage og skule.</p> <p>I spørjeundersøkinga blir det vist til at det er risiko for ein ikkje oppfyller enkeltvedtak knytt til spesialundervisning. Det blir mellom anna kommentert at det kan vere utfordrande å rekruttere spesialkompetanse som til dømes teiknspråkopplæring. Det blir foreslått at forvaltningsrevisjon knytt til gjennomføring av enkeltvedtak om spesialundervisning. I prosessmøte med kontrollutvalet blir det også kommentert at det er ein risiko for at personell som ikkje er kvalifisert gjennomfører spesialundervisninga.</p> <p>Vidare blir det, både i intervju, i prosessmøte med kontrollutvalet og i spørjeundersøkinga vist til at endring i kommunens skulestruktur utgjer ein risiko for at lovpålagte tenester ikkje blir levert.</p>	<b>Risiko knytt til:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Oppfølging av elevar med særskilde behov</li><li>• Tilpassing av undervisninga</li><li>• Implementering av ny opplæringslov</li><li>• Etterleving av vedtak om spesialundervisning</li></ul>
<b>Skulemiljø</b>	
<p>Frå 1. august 2024 vil lova om trygt og godt skulemiljø gå fram i kapitel 12 i opplæringslova (ikkje kap. 9A)</p>	<b>Risiko knytt til:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Brot på regelverk om trygt og godt skulemiljø</li><li>• Konsekvensar for enkeltelevar</li><li>• Auke i fråfall</li></ul>

<sup>4</sup> Frå 1. august 2024 vil ikkje opplæringslova lengre nytte omgrepet «spesialundervisning». Omgrepet vil bli erstatta med «individuell tilrettelegging».

---

Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte eit tilsyn av skulemiljø<sup>5</sup> ved Stord ungdomskule i 2021. Her blei det mellom anna avdekket at rektor ikkje sikra at elevane får ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, at ein ikkje har sikre at dei tilsette følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, at ein ikkje har sikre at alle som arbeider på skulen varslar rektor dersom dei mistenkjer eller får kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen og ein ikkje sikrar at skulen undersøker saka når rektor får varsel frå ein som jobbar ved skulen, eller eleven seie frå om at skulemiljøet ikkje er trygt og godt.

- Implementering og praktisering av ny opplæringslov
- Kompetanse

I kvalitetsmeldinga for oppvekst og kultur 2022-2023 går det fram at Stord kommune ligg over gjennomsnittet for landet på spørsmål om mobbing i Elevundersøkinga ved 10. trinn. I 7. trinn ligg kommunen nokre få desimalar under landsgjennomsnittet.

I spørjeundersøkinga blir det kommentert at det er ei auka risiko for at ein ikkje klarar å sikre eit trygt og godt skulemiljø skuleåret 2024/2025 då det blir færre vaksne i undervisning og SFO neste skuleår.

I prosessmøte blei det stilt spørsmål ved i kva grad skulane arbeider systematisk med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og i kva grad skulane gjennomfører erfaringsutveksling knytt til dette arbeidet.

På tidspunktet for ROV-analysen blei det også gjennomført ein prosess knytt til skulestruktur i Stord kommune. Fleire skular var føreslått samanslått. Det blir av fleire vist til at denne endringa i seg sjølv utgjer ein risiko for skulemiljøet.

---

### Arbeidsmiljø ved skulane

I spørjeundersøkinga blir det vist til at det er utfordrande for skulane å etterleve *Forskrift om utførelse av arbeid kapittel 23A* som handlar om arbeid som kan medføre fare for å bli utsatt for vold og trussel om vold.

Det siste året har det vore fleire medieopplag knytt til vald og trugsmål mot tilsette ved skulane. Frå oppslag frå januar 2024 går det fram at rundt 14 prosent av tilsette i skule og undervisning har rapportert at dei har vorte utsett for vald det siste året. Av totalt 159 avvik som er meldt handla 116 avvik om vald, trugslar og sjikane frå skuleelevar mot lærarar i Stord-skulen.



#### Risiko knytt til:

- Brot på lov og forskrift i arbeidsmiljølova
- Utrygg arbeidskvardag for tilsette ved skulane
- Rekruttering av kvalifiserte tilsette
- Oppfølging av avvik knytt til vald og truslar

---

### Kvalitet i grunnskulen

I kvalitetsmelding for oppvekst og kultur 2022-2023 går det fram at 5. trinn i Stord kommune scorar i gjennomsnitt over landssnittet i lesing og engelsk og i snitt i rekning på nasjonale



#### Risiko knytt til:

- Kapasitet på skulane

---

<sup>5</sup> Tilsynet omfatta plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev har eit trygt og godt skulemiljø og plikta til å førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skulemiljø ved å arbeid kontinuerleg for å fremje helse, trivsel og læring hos elevane.

---

prøver. 8. trinn scorar i gjennomsnitt rett under landssnittet i både lesing, engelsk, rekning.

- Kompetanse på skulane
- Kvalitet i opplæringa

I kvalitetsmeldinga 2022-2023 går det vidare fram at det ikkje er satt av administrasjonsressursar til skuledrift og skuleutvikling, noko som gir dårlegare kvalitet i skulane. Det blir vist til at strukturkvaliteten (ramma) må vere god dersom prosess- og resultatkvalitet skal bli god. Det går vidare fram at kommunen må arbeide systematisk med å rekruttere og tilsetje kvalifiserte lærarar og skuleleiarar.

---

## Barnehage

I kvalitetsmelding for oppvekst og kultur 2022-2023 går det fram at alle kommunale barnehagar i Stord kommune oppfylte bemannings- og pedagognorma i 2022. Det blir av fleire peikt på at det er risiko for at ein ikkje innfrir bemaningsnorma i framtida mellom anna på grunn av utfordringar med å skaffe kvalifiserte vikarar og høgt sjukefråvær.

I foreldreundersøking frå 2022 scorar barnehagane i Stord kommune litt over landsgjennomsnittet på spørsmål nytt til barnehagetilbodet, barna sin trivsel og samarbeid mellom heim og barnehage. Dei dårlegaste scorane for barnehagane i Stord var innanfor kategoriane barnehagane sine uteareal, barnehagane sine lokalar og mattilbod.

I spørjeundersøkinga blir det kommentert frå fleire barnehagar at ein risiko er manglande samhandling mellom tenestene særleg på lang sikt. Det blir mellom anna peikt på at det er utfordrande å finne tilgjengeleg personell med rett kompetanse som kan koordinere tenester til barn over ein lengre periode.

Kommunen har ansvar for å føre tilsyn med både private og offentlege barnehagar i Stord kommune. Det er utarbeidd ein strategi for risikovurdering, rettleiing og tilsyn med barnhagar i Stord kommune.

Statsforvaltaren i Vestland gjennomførte i 2022 eit tilsyn på retten til spesialpedagogisk hjelp og kommune si plikt til å sikre at barn med nedsett funksjonsevner får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod.

---

## Barneverntenesta (Sunnhordland interkommunale barnevern – SIB)


Stord kommune er vertskommune for Sunnhordland interkommunal barnevern. SIB er felles barnevernteneste for kommunane Stord, Fitjar og Bømlo.

Ny barnevernslov 01.01.2023 aukar kommunane sitt ansvar for mellom anna for førebygging og tidleg innsats for å forebygge omsorgssvikt. Lovendringane vil få økonomiske konsekvensar for kommunen gjennom fullt finansieringsansvar for fosterheimsomsorga.



### Risiko knytt til:

- Bemanning og sjukefråvær
- Samhandling med andre tenester
- Kompetanse



### Risiko knytt til:

- Brot på barnevernslova
- Rekruttering
- Turnover
- Konsekvensar for det enkelte barn og den enkelte familie

---

I kvalitetsmelding for oppvekst og kultur 2022-2023 går det fram at kompleksiteten i sakene utfordrar tenesta i arbeidet med å finne tiltak som kan avhjelpe situasjonen og førebygge at barn må flytte ut av heimen. SIB opplev å mangle effektive tiltak som i stor nok grad forhindrar plassering i familiane med dei mest komplekse utfordringane.

I andre halvår av 2023 hadde 94,7 prosent av barn i hjelpetiltak tiltaksplan. I samme periode var det fristbrot i 4,7 prosent av undersøkingssakene. Samtidig var det bare 6,4 prosent av barna med hjelpetiltak som hadde evaluert tiltaksplan.

Tall frå KOSTRA viser at Stord kommune har om lag like netto driftsutgifter til barneverntenesta per innbyggjar som resten av kommunegruppa. I 2023 var utgiftene i Stord 2961 kroner. I kommunegruppa var summen 2887 kroner.

I spørjeundersøkinga blir det peikt på at den største utfordringa er å rekruttere og behalde tilsette. Det blir peikt på at mangel på tilsette gjer at mål, planar, rutinar og prosedyrar blir utfordrande å etterleve i praksis, noko som igjen aukar risikoen for lovbrøt i tenesta.

Fleire peikar også på at risikoen i barneverntenesta alltid vil vere høg, då potensielle konsekvensar av avvik i denne tenesta er store.

Statsforvaltar i Vestland gjennomførte eit tilsyn med undersøkingar i barnvernverntenesta i 2021. Statsforvaltar konkluderte med at arbeidet med undersøkinga var forsvarleg og at barn får medverke i tråd med lovverk.

---

### **Førebygging og samordning på tvers av tenester**

Frå 1. august 2022 blei samarbeidsføresegn for 14 velferdstenester gjeldande. Lovendringa inneberer mellom anna ei samordningsplikt og lovfester elt ansvar for kommunen til å sørge for at den enkelte tenestemottakar får eit samordna tenestetilbod. Føremålet er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og deira familiar gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene. Det blir også tydeleg kven som har hovudansvaret for å samordne tilboda. Ei omfattande lovendring/reform utgjer ein risiko i seg sjølv, då reforma stiller krav til omstilling i fleire tenester og forpliktar tenestene til å samordne i større grad.

I kvalitetsmelding for oppvekst og kultur 2022-2023 går det fram at tenestene i Stord kommune må førebu seg på det aukande utfordringsbilete når det gjeld og aukande psykisk helse problematikk blant unge.

I 2022 blei det gjennomført ein forvaltningsrevisjon for det førebyggjande arbeidet for barn og unge i Stord kommune. I spørjeundersøkinga blir det peikt på at det gjennom forvaltningsrevisjonen og kommunen sitt eige arbeid er



#### **Risiko knytt til:**

- System og rutinar for samordning
- Etterleving av målsetningane i oppvekstreforma
- Samordning og samarbeid mellom ulike tenester og aktørar



---

identifisert svakheiter i det tverrfaglege arbeidet med barn og unge, men at det skjer lite for å endre praksis. Vidare blei det gjennomført ein forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) i 2021 (i samarbeid med fem andre kommunar).

---

### Vaksenopplæring

I kvalitetsmelding for oppvekst og kultur 2022-2023 går det fram at auke i busetting frå Ukraina har gjort at Stord kommune har hatt utfordringar med å bemanne vaksenopplæringa i takt med denne auken. Kombinasjonen av sjukemeldingar og utfordringar med å skaffe kvalifiserte personell, særleg vikarar, har gjort det utfordrande å halde fristane knytt til oppstart av norskopplæring for deltakarane. Det går vidare fram at det er utfordrande å drive med skuleutvikling, når hovudfokuset må vere på organisering og drift.

I følgje tal frå KOSTRA har Stord kommune høgare gjennomsnittleg årstimar til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring i 2023 (42,9 timar) enn gjennomsnittet for kommunegruppa (39,1 timar).

I spørjeundersøkinga blir det kommentert at det er ein risiko knytt til det å ha nok personell til at elevane får nok timar med opplæring. Det blir også kommentert at det ikkje er administrative ressursar til å gjennomføre systemarbeid. Dette gjer det utfordrande å etterleve lovkrav mellom anna knytt til bruk og lagring av personsensitive dokument i vaksenopplæringa.

Fylkesmann/Statsforvaltar i Vestland gjennomførte i 2020 eit tilsyn med grunnskuleopplæring for vaksne. Tilsynet avdekket lovbrøt når det gjaldt mellom anna *retteleiing og behandling av søknadar, kartlegging av opplæringsbehov, vedtak som oppfyller opplæringsretten og oppfylle krava til enkeltvedtak.*

---

### Kultur og fritid

Stord kommune har lågare driftsutgifter til kultursektoren enn gjennomsnittet for kommunegruppa.

I intervju blir det kommentert at kommunen generelt ikkje prioriterer økonomiske ressursar til kulturfeltet, men at ein sørgar for lovpålagte tilbod som kulturskule og bibliotek. For nokre år sidan slo saman Stord kulturskule, Stord folkebibliotek og Stord kulturhus og kino til ei eining med ein leiar. Dette bidrog både til økonomiske gevinstar og ein meir effektiv kultursektor.

I prosessmøte som blei gjennomført med kontrollutvalet blei det vist til at kultur og fritid er område som kan vere lett å gløyme som eit kommunalt ansvar og at det er risiko for at sektoren generelt får lite politisk merksemd.



#### Risiko knytt til:

- Brot på regelverket
- Informasjonstryggleik i skuleadministrativt system
- Kapasitet og sjukefråvær
- Auka press på tenesta
- Sakshandsaming




#### Risiko knytt til:

- Kultur- og fritidstilbod til barn og unge
- Kultur- og fritidstilbod til vaksne

### 4.3 Tekniske tenester og planarbeid

Planavdelinga i Stord kommune består av eit fagkontor for plan, regulering, byggesak og oppmåling, Stord brann og redning, Stord Hamnevoll og Stord/Fitjar landbruks- og miljøkontor. Tekniske tenester er organisert som ein eigen eining etter 1. mai 2022. Eininga skal ivareta eigaransvaret for Stord kommune, bygg, vegar, vatn og avlaup og sikrar verdiar. Tekniske tenester har også ansvar for alle prosjekt innanfor desse tenestene. Eininga er organisert i avdelingane bygg og eigedom, vatn og avløp, veg og grønt, samt prosjektavdeling.

Tabell 5: Identifiserte risikoområder knytt til tekniske tenester og planarbeid

Revisjonstema og identifiserte risikoar	Risiko- og vesentlegvurdering
<p><b>Regulering, byggesak og oppmåling</b></p> <p>I 2020 blei det gjennomført ein forvaltningsrevisjon av plan- og byggesakshandsaming i Stord kommune. I intervju blir det peikt på at kommunen har arbeidd mykje for å minimere risiko på regulering, byggesak og oppmålingsområdet sidan 2020. Mellom anna er det etablert sjekkliste, rutinar og kommunen har implementert fagsystemet eByggesak til sakshandsaming. Samtidig viser fleire til at det tidvis har vore høg turnover i denne sektoren og ein tidvis har hatt utfordringar med å rekruttere ingeniørar.</p> <p>Fleire viser i intervju til at avdelinga for regulering, byggesak og oppmåling gjer grundige vurderingar, men at det kan vere tidkrevjande prosessar på grunn av nasjonale krav.</p> <p>I følgje tal frå KOSTRA hadde Stord kommune ei gjennomsnittleg saksbehandlingsstid frå mottatt komplett planforslag til endelig vedtak var 150 dagar i 2022. Tal frå KOSTRA viser vidare at kommunen si gjennomsnittlege sakshandsamingstid for byggesøknader med tre vekers frist var 32 dagar. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for byggesøknadar med 12 vekers frist var 23 dagar. Talet for kommunegruppa var 39 dagar.</p> <p>I spørjeundersøkinga blir det vist til at det er få tilsette (ein tilsett pr. fagområde) på fagområda landmåling, tilsyn og planbehandling, noko som gjer at kommunen er sårbare om det oppstår sjukefråvær og i periodar med høgare arbeidspress. Det blir peikt på at risikoen for avvik frå rutinar og lovpålagte tidsfristar når det er høgt arbeidspress.</p> <p>I 2024 gjennomførte Statens kartverk eit kartkellovtilsyn.</p>	 <p><b>Risiko knytt til:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Brot på regleverk knytt til oppmåling og regulering</li><li>• Turnover og rekruttering</li><li>• Brot på sakshandsamingsfrist i byggesaker</li></ul>

---

## Stord brann og redning

I 2022 blei det gjennomført fleire organisatoriske endringar i Stord brann og redning. Det blei mellom anna innført dagkasernert beredskap med fire heiltidstillingar og Sagvåg brannstasjon blei avvikla.

I årsmeldinga til Stord kommune frå 2022 går det fram at det har vore ei kraftig auke (42 prosent) i talet på oppdrag for Stord brann og redning samanlikna med 2021.

I spørjeundersøkinga blir det kommentert at den største utfordringa for Stord brann og redning er kompetanse/utdanning grunna lite kapasitet ved Brann- og redningsskolen.

### Risiko knytt til:

- Kompetanse



---

## Stord hamnestell

Stord hamnestell er ei særbedrift under Stord kommune. Hamnestellet har ansvar for sjøområda til Stord kommune og får alle sine inntekter gjennom utleige og avgifter. Hamnestellet sitt hovudansvarsområde er å leggje forholda til rette for sjølgåande trafikk i hamna og hamnedistriktet.

Det blir vist til at kommunen nyleg har utarbeidd ny mal for vedtak som bidrar til å sikre at enkeltvedtaka frå Stord hamnestell er i tråd med havne- og farvannsloven.

Stord kommune har utarbeidd strategisk hamneplan for 2021-2030.

I spørjeundersøkinga blir det vist til at Stord Hamn i stor grad når dei måla som blir sett for drifta.

Kystverket har gjennomført havnesikringstilsyn med Leirvik Natrutekai i 2022 og 2023.

### Risiko knytt til:

- Saksbehandling og vedtak ved Stord Hamnestell



---

## Vatn og avløp

Statsforvaltar i Vestland gjennomførte 2021 ein inspeksjon for avløpsanlegga i Stord tettstad og fann fleire avvik. Mellom anna blir det peikt på at Stord kommune ikkje stettar kravet til primærrensing.

I fleire intervju og i spørjeundersøkinga blir det kommentert at Stord kommune kjem svært uheldig ut av innføringa av EU sitt avløpsdirektiv. Stord kommune har ikkje overhaldd krav til primærrensing av vatn i alle delar av kommunen og det nye direktivet stiller vidare krav om sekundærrensing. Det blir vist til at dette vil ha store økonomiske konsekvensar. Det går fram at Stord kommune kjem særleg uheldig ut av krava i regelverket fordi kommunen har over 10 000 innbyggjarar busett i samanhengande tettstad, noko som bidreg til at kommunen må forhalde seg til strengare krav enn kommunane rundt. Kommunen har også spredd utsleppspunkt for tettstaden Krava i EU-direktivet vil gjelde frå 2027. Det blir vist til at dersom desse

### Risiko knytt til:

- Etterleving av EU-direktiv
- Auka kostandar for kommunen
- Auka kostandar for innbyggjarane



kostnadane skal dekkjast av sjølvkost vil dette truleg bety ein betydeleg kostand for innbyggjarane i Stord kommune.

I følgje tal frå KOSTRA har Stord kommune høgare årsgebyr for avløpstenesta enn andre kommunar i same kommunegruppe. I 2023 var gjennomsnittet for årsgebyr for avløpstenesta i kommunegruppa 5361 kroner og 6870 kroner i Stord kommune. Vidare viser tal frå KOSTRA at Stord har høgare årsgebyr (5756 kr) for vassforsyning, samanlikna med resten av kommunegruppa (4951 kr).

I årsmeldinga frå 2022 går det fram at det framleis er etterslep på vedlikehald av både vass- og avløpsanlegga i kommunen.

---

### Stord/Fitjar landbruks- og miljøkontor

Stord kommunestyret vedtok 30. november 2023 å seie opp eksisterande avtale med Fitjar kommune om felles landbruks- og miljøkontor. Etter avtale er det eitt års oppseiingstid. I intervju blir det vist til at Stord kommune no skal gjere oppgåver som Fitjar kommune tidlegare har gjennomført og at Stord kommune ikkje har kompetanse og kapasitet i organisasjonen til å gjennomføre desse oppgåvene på tidspunktet for ROV-vurderinga. Ei målsetning med å avslutte avtalen er også at kommunen skal gjennomføre dei same oppgåvene til mindre kostnadar. Det blir derfor vist til at det kunne vore nyttig med ein gjennomgang av tenesta.

I prosessmøte med kontrollutvalet blir det vist til at det tidlegare har vore utfordringar med å halde sakshandsamingstida til landbrukskontoret.

Både i årsmelding for Stord kommune 2022 og i intervju går det fram at det har vore noko vakante stillingar ved landbruk- og miljøkontoret. Kontoret har også nyleg vore utan leiar.



#### Risiko knytt til:

- Nye oppgåver for Stord kommune
- Kompetanse og kapasitet
- Krav om innsparing
- Sakshandsamingstid

---

### Drift, veg og grønt

I spørjeundersøkinga blir det vist til at det ikkje er utarbeidd kommunedelplan for skjøtsel av uteområde eller ein anna type plan som inneheld ein oversikt av kva Stord kommune eig og kva som er set som mål og strategiar for uteområde.

Det blir også peikt på at ein manglar skriftlege rutinar på mellom anna søknad om fartshump, gangfelt og adresseskilt og at dette utgjør ein risiko for at sakshandsaminga blir mindre effektiv og at det føreligg ein risiko for at sakene ikkje blir handsama likt.

Det blir også peika på at det manglar ressursar i kommunen og dette fører til fare for brot på forvaltningslova, då avdelinga har ei stor saksmengd og det ikkje er mogleg å svare på alle førespurnadar innan frist og gjere alle oppgåver ein har fått tillagt. Det blir peikt på at dette aukar risikoen for eit dårleg omdømme.





#### Risiko knytt til:

- Skjøtsel av uteområde
- Kartlegging av økosystem
- Søknadshandsaming
- Brot på forvaltningslova

#### 4.4 Rehabilitering, helse og omsorg (RHO)

Avdelinga for rehabilitering, helse og omsorg i Stord kommune består av aktivitet og rehabilitering, eining for habilitering, heimebaserte tenester, Knutaåsen omsorgssenter, legetenesta, NAV kommune, psykisk helse og rus, Stord sjukeheim og tildelingskontoret.

Tabell 6: Identifiserte risikoområder knytt til rehabilitering, helse og omsorg

Revisjonstema og identifiserte risikoer	Risiko- og vesentlegvurdering
<b>Heimebaserte tenester</b> <p>I årsmeldinga frå 2022 går det fram at det har vore eit stort press på tenestene og at 2022 var eit år med stort utskifting av personell og høgt sjukefråvær. Heimebaserte tenester har negativt økonomisk avvik. Avviket skuldast mellom anna at mottak av ferdigbehandla pasientar frå sjukehuset, mangel på avlastning – og korttidsplassar, at heimebaserte tenester ikkje har eit «tak» på talet på brukarar og innleige av sjukepleiarvikarar har ført til eit negativt økonomisk avvik. På grunn av at tenesteoppgåvene har auka i omfang og kompleksitet har det blitt gjort ei omorganisering for å tilpasse struktur og oppgåver.</p> <p>I tal frå KOSTRA går det fram at del innbyggjara på 80 år og over som brukar heimetenester og del brukarar av heimetenester 0-66 år som brukar heimetenester er om lag det same i Stord som i kommunegruppa.</p> <p>Vidare viser tal frå KOSTRA at andel innbyggjarar 67-79 år i Stord kommune som har dagaktivitetstilbod er lågare enn i andre kommunar. I 2022 var talet 0,51 % (0,82% i kommunegruppa) og 0,40% i 2023 (0,90% i kommunegruppa). I spørjeundersøkinga blir det kommentert at sjukefråvær og utfordringar med rekruttering gjer at tenestene må nytte overtid. Det blir vidare peikt på at det på grunn av mangel på utdanna tilsette kan vere utfordrande å ivareta vedtak. Det blir også vist til at det på grunn av kapasitetsutfordringar opplevast som krevjande å dekke det sosiale behov til brukarane.</p>	 <p><b>Risiko knytt til:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Etterleving av vedtak</li><li>• Dagtilbod til eldre innbyggjarar</li><li>• Sjukefråvær og rekruttering</li><li>• Økonomistyring</li></ul>
<b>Institusjonstenester</b> <p>Institusjonstenester er dei mest kostbare helsetenesten som blir tilbudt av kommunen. Delen eldre innbyggjarar er aukande og kommunen er nødde til å dreie tenestene meir mot heimebaserte tenester. Tal frå KOSTRA viser at 7,9% av innbyggjarane i Stord kommune på 80 år og eldre bur på institusjon. Talet for kommunegruppa er 8,7%.</p> <p>Fleire kommenterer i spørjeundersøkinga at det er lang ventetid på institusjonsplassar i eldreomsorga i Stord kommune, at det er for få tilsette og at det for lite ressursar i tenesta. Samtidig blir det i fleire intervju vist til at helsetenester til eldre har hatt høg prioritet i Stord kommune og at kommunen lenge har levert svært gode institusjonstenester. Tal frå KOSTRA viser at Stord kommune har høgare utgifter (40 380 kr) til kommunale helse- og</p>	 <p><b>Risiko knytt til:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Omstilling knytt til organisering og oppgåvefordeling</li><li>• Økonomistyring</li><li>• Kapasitet i tenesta</li><li>• Vedtaksoppfølging</li><li>• Ventetid på institusjonsplass</li></ul>

---

omsorgstenester pr. innbyggjar samanlikna med kommunegruppa (35 476 kr). Det går også fram at utgifter per oppholdsdøgn i institusjon er lågare i Stord (5074 kr) enn i resten av kommune/kommunegruppa (5341 kroner).

Fleire viser i intervju til det føreligg eit vedtak om at ein skal bygge nye sjukeheim på Stord. Det blir peikt på at det er behov for fleire institusjonsplassar og at det behovet truleg berre vil bli høgare i framtida. Fleire stiller samtidig spørsmål ved framdriftsplanen i bygginga av ny sjukeheim på grunn av svak kommuneøkonomi.

---

### Aktivitet og rehabilitering



Tal frå KOSTRA viser at Stord kommune dei siste åra (2021-2023) har hatt noko færre årsverk til fysioterapeut (7,2) samanlikna med kommunegruppa (9,4).

#### Risiko knytt til:

- Årsverk til fysioterapi
- Tenestetilbod

I undersøkinga blir det ikkje peikt på risikoar knytt til aktivitet og rehabilitering.

---

### Habiliteringstenesta



I årsmeldinga for 2022 går det fram ein eininga hadde eit meirforbruk på 0,24 millionar kroner på grunn av stort sjukefråvær og innleige av vikarar.

#### Risiko knytt til:

- Rekrutering av fagkompetanse
- Ansvarsforhold og roller internt i tenesta
- Sjukefråvær
- Variasjon i dagtilbod

I både årsmelding og spørjeundersøkinga blir det peikt på at det er behov for meir relevant fagkompetanse i tenesta og at dette er viktig for å auke livskvaliteten til brukarane. Det blir også vist til at sjukefråvær i tenesta kan gjere det vanskeleg å sikre at ansvar er tilstrekkeleg fordelt som til dømes i rolla som primærkontakt.

I spørjeundersøkinga blir det vidare peikt på at kommunen på grunn av økonomi og sjukefråvær står i fare for å ikkje kunne levere tenester på alle område, inkludert habilitering.

I prosessmøte med kontrollutvalet blir det vist til at det er for lite variert aktivitetstilbod til denne gruppa, då det varierer kor mykje hjelp og bistand dei ulike brukarane i brukargruppa treng. Det blir også vist til at det har vore utfordringar med å rekruttere støttekontaktar.

I 2023 blei det gjennomført forvaltningsrevisjon i effektivitet og kvalitet i tenester til personar med psykisk utviklingshemming. Eininga har også hatt tilsyn frå Statsforvaltaren i Vestland med barne- og avlastningsbustadar.

---

### Legeteneste



Både i dokumentasjon, spørjeundersøkinga og i intervju blir det vist til ein har for få fastlegar i kommunen. I årsmeldinga frå 2022 går det fram at det har blitt gjort ei rekkje forsøk på å lyse ut fastlegeheimla gjennom året.

#### Risiko knytt til:

- Fastlegekapasitet
- Rekrutteringsutfordringar

---

Pr. april 2024 var det i følge Helse Norge 22 fastlegar i Stord kommune og ingen av desse har ledige plassar. 18 av dei 22 fastlegane har lukka liste, noko som innberer at det ikkje er mogleg å bli satt på venteliste. Vidare er det 1089 pasientar i Stord kommune på venteliste (fordelt på dei fire opne ventelistene). I intervju går det fram at legane i nokre tilfelle har vore nøydd til å stenge pasientlistene sine på grunn av sprengt kapasitet. Det blir også vist til at mange av legane brukar mykje tid på språk og tolk knytt til pasientar som ikkje har norsk som morsmål, noko som også bidrar til kapasitetsutfordringar.

- Kompetanse
- Arbeidspress
- Brot på regelverket


Stord er ein del av Sunnhordland interkommunal legevakt, saman med kommunane Fitjar og Bømlo. Det blir vist at det også her har vore utfordringar med rekruttering og særleg bemanning i helgene.

---

### Tenestekontoret

I spørjeundersøkinga går det fram at det er risiko for at ein ikkje klarar å halde sakshandsamingsfristar på søknadar om helse- og omsorgstenester.

I intervju blir det peikt på at arbeidet med tildeling av tenester innan pleie og omsorg vil ha ei svært viktig rolle framover og at det derfor er eit aktuelt område for forvaltningsrevisjon. Framover er ein avhengig av å i større grad prioritere helse- og omsorgsressursar strengare til dei som treng det mest og vere tydeleg på kva som er kommunen si rolle og kva tenester kommunen tilbyr. Det vil bli strengare krav til at tenestekontoret må «treffe» med sine vedtak i større grad enn tidlegare. Det blir vist til at det også kan bli naudsynt å skalere ned tenester i eksisterande vedtak, då det er ein risiko for at vedtak om tenester har vore på eit høgare nivå enn naudsynt. Det blir peikt på at dette er særleg relevant for heimebaserte tenester. Dette vil krevje kompetanse ved tenestekontoret.



#### Risiko knytt til:

- Sakshandsaming innan rimeleg tid
- Nivå av tenester i omsorgstrappa
- Kompetanse og opplæring knytt til dreieing av pleie- og omsorgstenestene


---

### NAV kommune

Tal frå KOSTRA viser at andelen sosialhjelpsmottakerer 18-24 år er lågare i Stord enn for gjennomsnittet i kommunegruppa. Samtidig har det totale talet på mottakarar av sosialhjelp totalt auka i frå 2022 til 2023.

I intervju og i årsmeldinga blir det vist til at det innafør NAV kommune i Stord er avdelinga for oppfølging av flyktningar som i størst grad har opplevd endring dei siste åra, då denne avdelinga har handtert ein vesentleg større flyktningstraum enn tidlegare dei siste åra. Mellom anna blei tilsette ved andre avdelingar i kommunen omplassert til flyktningstenesta. I intervju blir det også vist til at auke i talet på flyktningar har ført til at presset på bustadane i Stord kommune har blitt større.

I prosessmøte blir det stilt spørsmål ved om introduksjonsprogrammet for flyktningar held god nok kvalitet.



#### Risiko knytt til:

- Auka press på tenestene
- Endring i arbeidsoppgåver for dei tilsette
- Tilbodet til sosialt og økonomisk vanskelegstilte

---

Det blir også vist til at private aktørar gjennomfører ein del av arbeidet på dette område.

Tal frå Imdi viser at Stord kommune i 2024 har blitt anmoda om å busette 115 flyktningar og at kommunen har vedtatt å busette 100. I april 2024 hadde kommune busett 23 flyktningar.


Statforvaltar i Vestland gjennomførte i 2020 eit tilsyn med tilgjenge til sosiale tenester. Det blei ikkje avdekket avvik i tilsynet. I 2022 gjennomførte Statsforvaltar i Vestland eit tilsyn med sosiale tenester til barn og ungdom 17-25 år. Her gikk det fram at Stord kommune ikkje sikrar sosiale tenester til barn og unge mellom 17 og 25 år godt nok.

---

## Folkehelse

I prosessmøte med kontrollutvalet blir det kommentert at folkehelsearbeidet ikkje er tilstrekkeleg innarbeidd i andre tenestemråde og tiltak i kommunen. Det blir vidare vist til at arbeidet med folkehelse er viktig med tanke på førebygging av ulike plager.

I intervju blir det vist til at mangelen på fastlegar og rekrutteringa elles innanfor helse på sikt kan utgjere ei utfordring for folkehelse.



### Risiko knytt til:

- Legekompetanse i kommunen
- Førebygging av psykiske plagar
- Førebygging av fysiske plagar

---

## Psykisk helse og rus

I årsmelding frå 2022 går det fram at Hamna kontaktsenter har opplevd ei auke i talet på brukarar. Det blir peika på at det frå september/oktober var det stor pågang av ukrainske flyktningar som hadde behov for tilbodet.

Tal frå KOSTRA viser at Stord har noko fleire årsverk (5,4) med psykiatriske sjukepleiarar pr. 10 000 innbyggjarar samanlikna med kommunegruppa (4,3). Stord kommune brukar også ein høgare sum til personar med rusproblem pr. innbyggjarar 18-66 år, samanlikna med kommunegruppa. Samtidig har Stord kommune færre årsverk (0,5) i den kommunale helse- og omsorgsteneste pr. 10 000 innbyggjarar (årsverk), samanlikna med resten av kommunegruppa (0,9).

I spørjeundersøkinga blir det foreslått forvaltningsrevisjon av rus og psykisk helsetenester til vaksne. Det blir kommentert at bemanning er ei utfordring i sektoren. Særleg blir det peika på det i periodar der mange pasientar har dårlege perioder samtidig går dette utover både dei tilsette sine pausar og tilsyn hos andre pasientar. Tilsyn hos andre pasientar kan bli endra, reduserte og kansellerte. Det blir også peika på det er utfordrande at ein får inn pasientar som ikkje høyrer til eininga eller at det er store avvik i kartlegging opp mot reelle utfordringar. Ikkje alle vedtak for pasientar i denne brukargruppa har evalueringsdato, noko som skapar forventningar til pasientane og gjer det utfordrande å trappe ned eller avslutte tenestetilbodet.

I intervju blir det vist til at kommunen i større grad enn før opplever at pasientar frå spesialisthelsetenesta har behov for

---



### Risiko knytt til:

- Auka press på tenestene
- Bemanningsplanlegging og kapasitet
- Tidlegare utskrivningar frå spesialisthelsetenesta
- Evaluering av tenester
- Framtidig kompetanse
- Brot på regelverk knytt til tenester til innbyggjarar med rus og/eller psykisk helseutfordringar



---

kommunale tilbod som ikkje eksisterer. Det blir kommentert at kommunen på noverande tidspunkt handterer dette og at kommunen har gode tilbod, men at ein i framtida vil ha behov for meir kompetanse for å kunne levere lovpålagte oppgåver.

I prosessmøte peikar kontrollutvalet på at kommunen nyleg har lagt ned heiltidsdøgntilbud ved Åkrehamn og at dette har ført til at tenestene blir dårlegare. Det blir også ytra bekymring for belastninga dette kan ha for pårørande.

Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av rus og psykisk helse i Stord kommune i 2019. Her blei det mellom anna peikt på behov for brukarundersøkingar og forbetringar i samarbeidet med Helse Fonna.

---

# 5 Risiko i kommunen si eigarstyring og selskap

## 5.1 Innleiing

Basert på innsamla og analysert informasjon vil vi i dette kapittelet oppsumere og vurdere risiko knytt til kommunen sin **eigarstyring** og i kommunen sine **selskap**.

For å undersøke kommunen sin **eigarstyring** skal det gjennomførtast **eigarskapskontroll**. Fokus er på kommunen si forvaltning av eigarskapet (eitt eller fleire). Typiske risikoområde som blir undersøkt og vurdert i ein eigarskapskontroll inkluderer system og rutinar for oppfølging av eigarskap, rutinar for val av styremedlemmar, opplæring av styremedlemmar og rapportering til kommunesstyret. Selskap som er omfatta av eigarskapskontroll er AS, IKS, kommunalt oppgåvefelleskap (KO) og samvirkeforetak (SA).

Dersom det er behov for å gjere nærare undersøking av sjølve selskapet kan det også gjennomførast **forvaltningsrevisjon** av selskapet. Då vil ein kunne gjennomføre forvaltningsrevisjon av selskapet si drift og tenester, til dømes om selskapet driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. Det er også mogleg å kombinere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap i ei og same undersøking. Figuren under gir ein illustrasjon av dei to formene for kontroll.

Figur 2: Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap



I 5.2 blir det gitt ei oversikt over alle selskap kommunen har eigarinteresser i. Vidare vil vi i 5.3 skildre konkrete risikoområde knytt til kommunen si eigarstyring og i kommunen sine selskap, basert på innhenta data og oversikta over alle selskap i 5.2. Vurderinga av konkrete risikoområde i 5.3 er basert på påvist risiko gjennom intervju eller andre data, samt tema knytt til eigarstyringa, eller selskap i Stord kommune. I tillegg er det andre element av risiko og vesentlegheit som er teke med i vurderinga, mellom anna knytt til storleik på eigarandel, økonomi og føremål med selskapet. Desse elementa går fram av dei tre kolonnane lengst til høgre i tabellen i 5.2 og kan oppsummerast slik:

- **Heileigde selskap**, eller selskap der Stord kommune har ein vesentleg eigardel
- **Økonomisk risikoscore** – score basert på vurdering av tal for siste års inntening, soliditet, likviditet og effektivitet
- **Økonomisk verdiskaping** - selskap som forvaltar vesentlege økonomiske verdier og/eller som kan gi økonomisk gevinst (utbyttmoglegheit) eller har tapspotensiale for kommunen

- **Tenestetilbod til utsette brukargrupper** – til dømes VTA-bedrifter (varig tilrettelagt arbeid) og arbeidstreningsverksemder som tilbyr arbeidsplass til ei sårbar gruppe
- **Utviklingsarbeid** - selskap som driv med utviklingsarbeid for å bidra til å nå viktige kommunale målsetjingar, til dømes knytt til
  - bustadtilbod
  - helse
  - ansvarleg forbruk og produksjon
  - klima og/eller berekraft
  - infrastruktur
  - næringsliv
  - innovasjon
- **Samfunnskritiske tenester** - selskap som tilbyr samfunnskritiske tenester direkte til innbyggjarane, til dømes innan vatn, renovasjon og avløp (VAR), energi eller brann og redning

I alle kommunen sine eigarskap, enten delen er stor eller liten, ligg det ein potensiell omdømmerisiko dersom selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar. Det same gjeld dersom kommunen sitt eigarskap ikkje blir ivareteke i samsvar med anerkjente prinsipp for god eigarstyring.

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønsmessige, og vurderingane er basert på tilgjengeleg informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risiko knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er foreslått her. Det er difor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølge for forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar i dei planane som blir lagt fram for kommunestyret.

Det må takast atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen eller i selskapa det gjeld.

## 5.2 Oversikt over kommunen sine eigarskap

Stord kommune har to heileigde selskap (1-2), eigarinteresser i fem selskap saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar (3-7), og eigarinteresser i ni selskap (8-16) der det også er private og/eller statlege eigarar. Heileigde og deleigde selskap saman med andre kommunar kjem inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Desse selskapa har Stord kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av.

Selskap kommunen eig saman med andre ikkje-kommunale aktørar kjem ikkje inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er ofte aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardelar eller samvirkeforetak. Det kan gjennomførast eigarskapskontroll av slike selskap (sidan dette handlar om kommunen sin forvaltning), men for å gjera forvaltningsrevisjon som krev innsyn i selskapet må dette skje ved at styret i selskapet samtykkjer til innsyn.

Tabellen under gir ei oversikt over selskapa kommunen har eigarskap i, med informasjon om bransjen selskapet er ein del av, selskapet sitt føremål og kommunen sine mål med eigarskapet, kommunen sin eigardel, vurdert økonomisk risikoscore og aktuelle nøkkelpunkt som seier noko om ibuande risiko og vesentlegheit. Talgrunnlaget for risikoscoren, samt utfyllande informasjon om selskapa ligg i egne tabellar i vedlegg 1. Rekneskapsanalysen er nærmare forklart i vedlegg 2.

Tabell 7 Oversikt over selskapa kommunen eig eller har eigardelar i

Selskap	Bransje	Føremål/mål med eigarskap <sup>6</sup>	Eigar-del	Økonomisk risikoscore <sup>7</sup>	Annan aktuell risiko
1. Podlen Verkstad AS	VTA-bedrift	Føremålet med eigarskap i Podlen Verkstad AS er å etterkomma NAV sine krav til offentleg fleirtalseigarskap i bedrifter som er tiltaksarrangør.	100%	4,12	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tenestetilboud til utsette brukargrupper</li> <li>Heileigd bedrift</li> </ul>
2. Stord Kommunale Utviklingsselskap	Eigedomforvaltning	Føremålet med eigarskapet er å sikra eit profesjonelt, aktivt og marknadsorientert reiskap for eigedomsutvikling i Stord kommune.	100%	4,26	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utviklingsarbeid</li> <li>Heileigd bedrift</li> </ul>
3. Sunnhordland Lufthavn AS	Transport/Infrastruktur	Selskapet sitt formål er å planleggja, finansiera og driva lufthamn på Stord, og i samband med dette delta i andre selskap med liknande verksemd.	79%	2,51	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utviklingsarbeid                             <ul style="list-style-type: none"> <li>Infrastruktur</li> </ul> </li> <li>Samfunnskritiske tenester                             <ul style="list-style-type: none"> <li>Beredskap</li> </ul> </li> </ul>
4. Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS	Renovasjon	Føremålet med eigarskapet i Sunnhordland Interkommunale miljøverk IKS, er å sikre publikum innsamling og drift av forbruksavfall og slam på ein miljøvennlege og effektiv måte.	31,1%	4,31	<ul style="list-style-type: none"> <li>Samfunnskritiske tenester</li> </ul>
5. Region Sunnhordland IKS (tidl. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS)	Regionalt samarbeid	Føremålet med eigarskapet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS er å fremja nettverksbygging for å utvikla Sunnhordland til det beste for innbyggjarane.	12,5%	4,60	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utviklingsarbeid</li> </ul>
6. Krisesenter Vest IKS	Helse/omsorg	Formålet med eigarskapet er å sikra eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar.	10,5%	NA	<ul style="list-style-type: none"> <li>Samfunnskritiske tenester</li> </ul>
7. Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	Arkivtenester	Føremålet med eigarskapet er å sikra at verdifullt arkivmateriale i Stord kommune blir teke vare på og sikra som informasjonsskjelder for samtid og ettertid og gjort	4,49%	NA	NA

<sup>6</sup> Ein del selskap har lange føremål. For desse gir tabellen ei kort versjon, medan føremål slik det kjem fram i eigarskapsmeldinga er å finne i tabellane med meir informasjon om selskapet i vedlegg 1.

<sup>7</sup> Skala frå 1-5, der 1 er lågaste mogelege poengsum og 5 er høgaste mogelege poengsum.



			tilgjengeleg for offentlig verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.			
8.	Stord Folkehøgskule AS	Utdanning	Føremålet med Stord Folkehøgskule AS er drift av Stord folkehøgskule, her under å sikre gode rammevilkår for skulen og skulestyret i deira arbeid med folkeopplysing og allmenndanning.	49,7%	3,65	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utviklingsarbeid <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Utdanning</li> </ul> </li> </ul>
9.	Opero Holding AS	VTA-bedrift	Skal via eigarskap i dotterselskapa Opero AS og Ås barnehage AS utvikla og levera tenester som har fokus på å fremja arbeidsdeltaking i det ordinære arbeidsliv, uavhengig av kva utfordringar dei forskjellige deltakarane har.	28,03%	3,58	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenestetilbod til utsette brukargrupper</li> </ul>
10.	Huglabutikken AS	Handel	Handel med daglegvarer og anna verksemd som naturleg fell inn under dette.	8,53%	4,77	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utviklingsarbeid <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Næringsliv</li> </ul> </li> </ul>
11.	Atheno AS	Næringslivsutvikling	Føremålet med eigarskapet i Atheno AS er å sikre at selskapet utviklar regionen og næringslivet på ein måte som kjem kommunen til gode.	3,91%	4,31	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utviklingsarbeid <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Næringsliv</li> </ul> </li> </ul>
12.	Kinoalliansen AS	Kultur	Selskapet si verksemd er å forhandle og inngå avtalar innan sal, marknadsføring, filmleige, serviceavtalar kinoteknikk, kioskdirift, billettsystem og andre forretningsområde knytt til kinodrift på vegne av kinoleiarar i selskap og kommunar som driv kinodrift eller liknande verksemd og er medeigar i KinoAlliansen AS, samt alt i samband med dette.	3,7%	4,70	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utviklingsarbeid <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kulturformidling</li> </ul> </li> </ul>
13.	Hordfast AS	Infrastruktur	Selskapet skal arbeida for å realisere ferjefri kyststamveg - E39 - i Hordaland.	3,37%	1,61	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utviklingsarbeid <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Infrastruktur</li> </ul> </li> </ul>
14.	E134 Haukelivegen AS	Infrastruktur	Arbeide for utbygging og standardheving av transportkorridoren E134 Karmøy-Frogn, RV36 Seljord-E18 og sambandet E134-Bergen.	2,17%	3,84	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utviklingsarbeid <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Infrastruktur</li> </ul> </li> </ul>
15.	Sunnhordland Kraftlag AS	Energiproduksjon	Produksjon, overføring, distribusjon og omsetning av energi samt anna verksemd knytt til desse områda.	2,13%	4,35	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samfunnskritiske tenester</li> </ul>
16.	IMS Kjeden AS	Handel	Drive kjedevirksomhet innen storhusholdning og servicemarkedet.	1%	3,73	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utviklingsarbeid <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Næringsliv</li> </ul> </li> </ul>

### 5.3 Oversikt over identifiserte risikoområde knytt til kommunen sine eigarskap og i selskapa

I Stord kommune er det kommunedirektør som har ansvaret for den administrative oppfølginga av kommunen sitt eigarskap.

Under presenterer vi vurderingane der det er risiko for at kommunen ikkje utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing, både overordna sett og for enkelte selskap der kommunen har eigarinteresser. I tillegg blir det kommentert om det er identifisert risiko knytt til einskilde selskap.

Tabell 8: Identifiserte risikoområde i kommunens eigarskapsforvaltning og i kommunen sine selskap

Område/selskap og identifiserte risiko	Risiko- og vesentlighetsvurdering
<p><b>SIM – Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon)</b></p> <p>SIM er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Bømlo, Austevoll, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Stord kommune er største eigar med 27,75 prosent eigarandel.</p> <p>I fleire intervju blir det kommentert at det er ein risiko for at Stord kommune tapar økonomisk på dette samarbeidet. Det blir peikt på at Stord kommune er meir kompakt og folketett enn dei andre kommunane og at kostnadane for drifta i Stord kommune derfor er lågare enn dei andre kommunane. Likevel er kostnadane til Stord kommune høgare enn for dei andre kommunane fordi Stord er største eigar. Det blir peikt på at folkevalde fleire gongar har stilt spørsmål til selskapet om fordelingsnøkkelsen for kostnadanen utan å få svar og at dette utgjør ein risiko for styringa kommunen har med selskapet.</p>	 <ul style="list-style-type: none"><li>• Internkontrollen og drifta til selskapet</li><li>• Selskapet si oppgåveløysing</li><li>• Bruk av offentlege ressursar</li><li>• Mål, krav og forventningar til selskapet</li><li>• Rapportering og kontroll</li><li>• Samfunnsansvar</li></ul>
<p><b>Stord kommunale utviklingsselskap (eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon)</b></p> <p>Føremålet med eigarskapet er å sikre eit profesjonel, aktivt og marknadsorientert reiskap for eignedomsutvikling i Stord kommune.</p> <p>I intervju blir det peikt på at det har vore for lite aktivitet i selskapet og at det er ein risiko for at selskapet i liten grad oppnår målsetninga med selskapet. Andre viser til at ein nyleg har bytta ut heile styret i selskapet og at dette vil bidra til høgare måloppnåing og større forvetning om meir avkastning på kapitalen. Det blir også kommentert at det tidvis har vore utfordrande å styre selskapet som eit AS på grunn av politisk innblanding.</p> <p>Stord kommunale Eigedomsselskap er dotterselskap av Stord kommunale utviklingsskap. Stord kommunale Eigedomsselskap tok ut 800.000 kroner i utbytte i 2022.</p>	 <ul style="list-style-type: none"><li>• Risiko for manglande utviklingsarbeid</li><li>• Selskapet er heileigd av Stord kommune og kommunen har derfor all risiko</li><li>• Rolleblanding</li><li>• Internkontrollen og drifta til selskapet</li><li>• Selskapet si oppgåveløysing</li><li>• Bruk av offentlege ressursar</li><li>• Rollar og ansvar i oppfølginga av selskapet</li><li>• Mål, krav og forventningar til selskapet</li></ul>



# 6 Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekter og eigarskapskontrollar

På bakgrunn av dei analysar og risikovurderingar som er gjennomførte, er det identifisert fleire område som etter Deloitte si vurdering kan representere høg risiko, og kor kontrollutvalet bør vurdere å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt i Stord kommune.

Forslaget dannar grunnlag for prioriteringa som kontrollutvalet skal gjere. Kontrollutvalet står fritt til å leggje til og endre på prosjekta som er skissert under. Prosjekta under er delt mellom dei som er vurdert med høg risiko (raude) og dei som er vurdert med middels risiko (gule). Det er ikkje gjort noko prioritering innbyrdes mellom desse.

Tabell 9: Prosjekter med høg risiko (røde)

Prosjekt	Aktuelle revisjonstema
Berekraft og klima	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klimabudsjett og klimarekneskap</li> <li>• Etterleving av FN sine berekraftsmål</li> </ul>
Bemanning, personalforvaltning og sjukefråvær	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Brot på lover og regelverk</li> <li>• Sjukefråværsoppfølging</li> <li>• Rekruttering</li> <li>• Etterleving av overtidsreglement</li> </ul>
Anskaffingar og kontrakts- og leverandøroppfølging	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Brot på anskaffingsregelverk</li> <li>• Kontrakts- og leverandør oppfølging</li> <li>• Brot på arbeidsmiljølova</li> <li>• Budsjettoverskridingar</li> <li>• Brot på interne anskaffingsrutinar</li> </ul>
Investeringar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Investeringsprosess</li> <li>• Budsjettoverskriding</li> </ul>
Informasjonstryggleik og personvern	<ul style="list-style-type: none"> <li>• System og rutinar knytt til informasjonstryggleik og personvern</li> <li>• Datainnbrot og tap av verdiar</li> </ul>
Individuell tilrettelegging og tilpasse opplæring	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppfølging av elevar med særskilde behov</li> <li>• Tilpassing av undervisninga</li> <li>• Implementering av ny opplæringslov</li> <li>• Etterleving av vedtak om spesialundervisning</li> </ul>
Skulemiljø	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Brot på regelverk om trygt og godt skulemiljø</li> <li>• Konsekvensar for enkeltelevar</li> <li>• Auke i fråfall</li> <li>• Implementering og praktisering av ny opplæringslov</li> <li>• Kompetanse</li> </ul>
Arbeidsmiljø ved skulane	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Brot på lov og forskrift i arbeidsmiljølova</li> <li>• Utrygg arbeidskvardag for tilsette ved skulane</li> <li>• Rekruttering av kvalifiserte tilsette</li> <li>• Oppfølging av avvik knytt til vald og truslar</li> </ul>



<b>Barneverntenesta</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Brot på barnevernslova og tilhøyrande forskrifter</li> <li>• Rekruttering</li> <li>• Turnover</li> <li>• Konsekvensar for det enkelte barn og den enkelte familie</li> </ul>
<b>Vaksenopplæring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Brot på regelverket</li> <li>• Informasjonstryggleik i skuleadministrativt system</li> <li>• Kapasitet og sjukefråvær</li> <li>• Auka press på tenesta</li> <li>• Sakshandsaming</li> </ul>
<b>Vatn og avløp</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etterleving av EU-direktiv</li> <li>• Auka kostandar for kommunen</li> <li>• Auka kostandar for innbyggjarane</li> </ul>
<b>Stord/Fitjar landbrukskontor</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Nye oppgåver for Stord kommune</li> <li>• Kompetanse og kapasitet</li> <li>• Krav om innsparing</li> <li>• Sakshandsamingstid</li> </ul>
<b>Drift, veg og grønt</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skjøtsel av uteområde</li> <li>• Kartlegging av økosystem</li> <li>• Søknadshandsaming</li> <li>• Brot på forvaltningslova</li> </ul>
<b>Heimebaserte tenester</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etterleving av vedtak</li> <li>• Dagtilbod til eldre innbyggjarar</li> <li>• Sjukefråvær og rekruttering</li> <li>• Økonomistyring</li> </ul>
<b>Habiliteringstenesta</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekruttering av fagkompetanse</li> <li>• Ansvarsforhold og roller internt i tenesta</li> <li>• Sjukefråvær</li> <li>• Dagtilbod til brukarane</li> </ul>
<b>Legetenester</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fastlegekapasitet</li> <li>• Rekrutteringsutfordringar</li> <li>• Kompetanse</li> <li>• Arbeidspress</li> <li>• Brot på regelverket</li> </ul>
<b>Tenestekontoret</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sakshandsaming innan rimeleg tid</li> <li>• Nivå av tenester i omsorgstrappa</li> <li>• Kompetanse og opplæring knytt til dreing av pleie- og omsorgstenestene</li> </ul>
<b>Psykisk helse og rus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Auka press på tenestene</li> <li>• Bemmanningsplanlegging og kapasitet</li> <li>• Tidlegare utskrivningar frå spesialisthelsetenesta</li> <li>• Evaluering av tenester</li> <li>• Framtidig kompetanse</li> <li>• Brot på regelverk knytt til tenester til innbyggjarar med rus og/eller psykisk helseutfordringar</li> </ul>

---

**SIM – Sunnhordland interkommunale miljøverk**  
(forvaltningsrevisjon i selskap)

- Internkontrollen og drifta til selskapet
  - Selskapet si oppgåveløysing
  - Bruk av offentlege ressursar
  - Mål, krav og forventningar til selskapet
  - Rapportering og kontroll
  - Samfunnsansvar
- 

**Andre prosjekter (gule)**

Tabell 10: Prosjekt med middels risiko (gul)

Prosjekt	Aktuelle revisjonstema
Saksførebuing og vedtaksoppfølging	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kapasitet</li><li>• Kommunikasjon mellom politikarar og administrasjon</li></ul>
Beredskap og krisehandtering	<ul style="list-style-type: none"><li>• Handtering av store og alvorlege hendingar</li><li>• Uventa kostnader</li><li>• Førebyggjande beredskapsarbeid</li></ul>
Arkiv og offentlegheit	<ul style="list-style-type: none"><li>• Etterleving av arkiv- og offentleglova</li><li>• Openheit i kommunen</li><li>• Tap av arkivverdige materiale</li></ul>
Kunstig intelligens	<ul style="list-style-type: none"><li>• Rettleiing og opplæring av tilsette</li><li>• Ivaretaking av personvern</li><li>• Effektiv bruk av KI</li><li>• Kvalitetssikring</li></ul>
Kvalitet i grunnskulen	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kapasitet på skulane</li><li>• Kompetanse på skulane</li><li>• Kvalitet i opplæringa</li></ul>
Barnehage	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bemanning og sjukefråvær</li><li>• Samhandling med andre tenester</li><li>• Kompetanse</li></ul>
Førebygging og samordning på tvers av tenester	<ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar</li><li>• oppvekstreforma</li><li>• Samordning og samarbeid mellom ulike tenester og aktørar om forebyggjande tiltak og tenester til barn og familiar</li></ul>
Kultur og fritid	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tilbod til barn og unge</li><li>• Tilbod til vaksne</li></ul>
Regulering, byggesak og oppmåling	<ul style="list-style-type: none"><li>• Brot på regleverk</li><li>• Turnover og rekruttering</li><li>• Brot på sakshandsamingsfrist i byggesaker</li></ul>
Stord brann- og redning	<ul style="list-style-type: none"><li>• Auke i oppdrag</li><li>• Kompetanse</li></ul>
Stord Hamnestell	<ul style="list-style-type: none"><li>• Auke i oppdrag</li><li>• Kompetanse</li></ul>
Stord og Fitjar landbrukskontor	<ul style="list-style-type: none"><li>• Nye oppgåver for Stord kommune</li><li>• Kompetanse og kapasitet</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Krav om innsparing</li> <li>• Sakshandsamingstid</li> </ul>
<b>Aktivitet og rehabilitering</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Årsverk til fysioterapi</li> <li>• Tenestetilbod</li> </ul>
<b>Institusjonstenester</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Auka kostnader</li> <li>• Auka behov i framtida</li> <li>• Ventetid på institusjonsplass</li> <li>• Brot på regelverk</li> </ul>
<b>NAV kommune</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Auka press på tenestene</li> <li>• Endring i arbeidsoppgåver for dei tilsette</li> </ul>
<b>Folkehelse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legekompetanse</li> <li>• Førebygging av psykiske plagar</li> <li>• Førebygging av fysiske plagar</li> </ul>

Tabell 11: Eigarskapskontroll

<b>Prosjekt</b>	<b>Aktuelle revisjonstema</b>
<b>Stord kommunale utviklingsselskap</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Risiko for manglande utviklingsarbeid</li> <li>• Selskapet er heileigd av Stord kommune og kommunen har derfor all risiko</li> <li>• Rolleblanding</li> <li>• Internkontrollen og drifta til selskapet</li> <li>• Selskapet si oppgåveløysing</li> <li>• Bruk av offentlege ressursar</li> <li>• Rollar og ansvar i oppfølginga av selskapet</li> <li>• Mål, krav og forventningar til selskapet</li> </ul>
<b>Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eigarstyring av interkommunalt samarbeid</li> <li>• Fordeling av kostnader</li> </ul>

# Vedlegg 1 Utvida risikoanalyse av selskap med rekneskapstal

## Selskap der kommunen har full innsynsrett

Selskapa som er presentert i tabellane under er aksjeselskap og interkommunale selskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar. Desse selskapa har Stord kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar av. Informasjonen er i hovudsak henta frå Dun & Bradstreet Smartcheck, proff.no og kommunens eigarskapsmelding frå 2022.

Podlen Verkstad AS						
<b>Eigarar</b>	Stord kommune – 100%					
<b>Selskapet sitt føremål</b>	Bedrifta sitt føremål er å arrangera eitt eller fleire av NAV sine arbeidsmarknadstiltak. Selskapet sitt samla overskot skal vera i verksemda, og disponerast til føremål som styrkjer drifta framover.					
<b>Informasjon om selskapet</b>	Selskapet blei stifta i 1990. Kommunen har medfinansieringsplikt for VTA-arbeidsplassane i verksemda. Dette kjem i tillegg til statleg hovudfinansiering (NAV) i samsvar med nasjonale satsar.					
<b>Mål med kommunen sitt eigarskap</b>	Føremålet med eigarskap i Podlen Verkstad AS er å etterkomma NAV sine krav til offentleg fleirtalseigarskap i bedrifter som er tiltaksarrangør. Stord kommune kan nytta seg av tenester og produkt som Podlen Verkstad AS tilbyr, så langt som desse har kvalitet og pris i samsvar med det kommunen er tent med. Kommunen sitt vedtak om reserverte kontraktar kan gje grunnlag for eit tettare samarbeid innan dei felte Podlen Verkstad driv, som t.d. vaskeritenester, golvmatter, papirmakulering og snikkarvarer. Eigarskapen i Podlen verkstad AS er samfunnsøkonomisk og sosialpolitisk motivert.					
<b>Nøkkeltal (beløp i 1 000)</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>	
Totalinntekt	14 749	11 210	9 689	9 093	8 593	
Driftsresultat	358	329	399	-493	342	
Årsresultat	294	269	304	-574	240	
Eigenkapital	6 335	6 041	5 773	5 469	6 043	
Gjeld	4 456	4 109	4 426	4 828	4 443	
<b>Økonomisk risikoanalyse</b>	<b>Indikatorar</b>	<b>Inntening</b>	<b>Soliditet</b>	<b>Likviditet</b>	<b>Effektivitet</b>	<b>Risikoscore</b>
	Kort sikt	3,25	5,00	4,25	3,40	<b>4,12</b>
	Lang sikt	3,25	5,00	4,75	3,40	
	Score	3,25	5,00	4,35	3,40	

## Stord Kommunale Utviklingselskap

**Eigarar** Stord kommune – 100%

**Selskapet sitt føremål** Utvikle, eige, kjøpe og selje eigedomar ved aksjekjøp og aksjesal eller på annan måte. Selskapet skal vere morselskap til dotterselskap som Stord kommune eig alle aksjane i eller dotterselskap som Stord kommune er aksjonær i saman med andre aksjeeigarar.

**Informasjon om selskapet** Stifta: 31.03.2020. SKU AS er morselskap til SKE AS. Stord kommune eig alle aksjane i SKU AS. SKU AS eig alle aksjane i SKE AS.

**Mål med kommunen sitt eigarskap** Føremålet med eigarskapet er å sikra eit profesjonelt, aktivt og marknadsorientert reiskap for eigedomsutvikling i Stord kommune. SKU AS er eit holdingselskap, eit type selskap som eig aksjar i andre selskap. Funksjonen til eit holdingselskap er å eiga aksjar i andre selskap og såleis ha ein eigardel i desse selskapa.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	0	0	0	0	0
Driftsresultat	-268	-270	-244	0	0
Årsresultat	700	790	754	0	0
Eigenkapital	4 015	3 315	2 526	0	0
Gjeld	4 125	3 948	4 009	0	0

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	4,00	4,57	5,00	1,80	<b>4,26</b>
	Lang sikt	4,00	4,67	5,00	1,80	
	Score	4,00	4,60	5,00	1,80	

## Sunnhordland Lufthavn AS

**Eigarar** Stord kommune – 79%

Andre eigarar: Vestland fylkeskommune

**Selskapet sitt føremål** Selskapet sitt formål er å planleggja, finansiera og driva lufthavn på Stord, og i samband med dette delta i andre selskap med liknande verksemd. Flytryggleiken har og skal ha høgaste prioritet i selskapet.

**Informasjon om selskapet** Stifta: 1983. Selskapet si hovudoppgåve er knytt til operativ drift av flyplassen. Selskapet er og ansvarleg for planlegging og gjennomføring av investeringar og andre tiltak som er nødvendige for å halda flyplassen i godkjent stand.

**Mål med kommunen sitt eigarskap** Føremålet med eigarskapet i Sunnhordland Lufthavn AS, er å gje publikum sikre, miljøvennlege og gode reisetilbod. Reisetilboda skal særleg ta sikte på å tilpasse seg næringslivet sine behov for reisetilbod. Dette bør skje både gjennom vidareutvikling av eksisterande tenester og utvikling av nye tenester som støttar opp under lufthavn- og flysikringsverksemda. Selskapet skal utføre sine oppgåver på en god og

kostnadseffektiv måte og ikkje vera avhengig av ytterlegare økonomisk bistand frå eigarane sine. Vidare skal selskapet gje eigarane god verdiutvikling over tid.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	30 698	28 171	26 820	29 615	30 010
Driftsresultat	-139	-851	1 190	-98	-98
Årsresultat	-350	-999	1 136	-216	-262
Eigenkapital	3 821	4 171	2 164	1 028	1 244
Gjeld	7 547	7 459	11 416	8 505	12 864

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	1,50	4,00	1,50	3,20	<b>2,51</b>
Lang sikt	2,50	3,00	1,25	2,60		
Score	2,30	3,70	1,45	2,75		

### Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

#### Eigarar

Stord kommune – 31,1%

Andre eigarar: Kvinnherad, Bømlo, Sveio, Austevoll, Fitjar, Tysnes

#### Selskapet sitt føremål

1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
3. Selskapet skal, der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar, t.d. når det gjeld attvinning.
4. Selskapet har ikkje erverv til føremål.

#### Informasjon om selskapet

Selskapet blei stifta 02.05.1990. Det er innbetalt interessekapital i høve folketalet på etableringstidspunktet. Stord kommune sin interessekapital er på kr 48 014. Deltakarane er seg imellom ansvarlege for pliktene til selskapet i høve til prosentdeling i samsvar med folketalet i kommunane

#### Mål med kommunen sitt eigarskap

Føremålet med eigarskapet i Sunnhordland Interkommunale miljøverk IKS, er å sikre publikum innsamling og drift av forbruksavfall og slam på ein miljøvennlege og effektiv måte.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	126 166	121 023	107 579	100 353	89 506
Driftsresultat	-2 297	2 594	1 980	7 475	10 587
Årsresultat	-1 545	1 400	1 522	6 790	10 656
Eigenkapital	200 546	202 092	200 692	199 170	192 380
Gjeld	98 249	88 885	78 396	78 621	80 216

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	1,75	5,00	5,00	3,80	4,31
	Lang sikt	3,50	5,00	5,00	3,60	
	Score	3,15	5,00	5,00	3,65	

### Region Sunnhordland IKS (tidl. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS)

#### Eigarar

Stord kommune – 12,5%

Andre eigarar: Kvinnherad, Etne, Tysnes, Fitjar, Austevoll, Sveio, Bømlo

#### Selskapet sitt føremål

Føremålet med selskapet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing. Føremålet blir m.a. konkretisert gjennom desse oppgåvene:

1. Fremja Sunnhordland sine interesser
2. Fremja og samordna tiltaksarbeidet i Sunnhordland med særleg vekt på regional utvikling, næringsutvikling og næringsstruktur
3. Vera pådrivar for betring av kommunikasjonstilhøva i Sunnhordland
4. Utvikla ei samordna og effektiv marknadsføring av Sunnhordland
5. Vera pådrivar for kultur – og identitetsskapande tiltaksarbeid
6. Arbeida for kommunane sine rammevilkår.

#### Informasjon om selskapet

Rådet sine konkrete arbeidsoppgåver blir innan rammene i selskapsavtalen fastlagt i budsjett og i rullerande strategi- og handlingsplanar.

#### Mål med kommunen sitt eigarskap

Føremålet med eigarskapet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS er å fremja nettverksbygging for å utvikla Sunnhordland til det beste for innbyggjarane.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	9 774	5 225	4 987	3 259	3 870
Driftsresultat	243	205	164	-134	297
Årsresultat	243	205	164	-134	297
Eigenkapital	2 426	2 184	1 979	1 815	1 949
Gjeld	1 893	1 823	2 347	2 676	4 884

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	4,50	5,00	5,00	3,80	<b>4,60</b>
	Lang sikt	4,00	4,67	5,00	4,00	
	Score	4,10	4,90	5,00	3,95	

### Krisesenter Vest IKS

**Eigar** Stord kommune – 10,5%

*Andre eigarar: Karmøy, Haugesund, Bømlo, Kvinnherad, Tysvær, Ullensvang, Vindafjord, Sveio, Sauda, Etne Suldal, Fitjar Tysnes, Bokn, Utsira*

**Selskapet sitt føremål** Selskapet skal, på vegne av eigarkommunane, sikre etterleving av krisesenterlova si § 2 a), b) og c). Selskapet skal vera eit rådgjevande organ for eigarkommunane i etterleving av lova si § 2 d). Selskapet har ikkje som formål å drive verksemd som gir utbytte til eigarkommunen.

**Informasjon om selskapet** Krisesenter Vest IKS er eit interkommunalt samarbeid mellom 16 vestlandskommunar, som blei stifta i 2011. Det ligg ikkje føre rekneskapstal for selskapet.

**Mål med kommunalt eigarskap** Formålet med eigarskapet er å sikra eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar.

### Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

**Eigarar** Stord kommune – 4,49%

Interkommunalt samarbeid mellom Austevoll, Austreheim, Eidfjord, Etne, Fedje, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Masfjorden, Modalen, Bjørnafjorden, Osterøy, Samnager, Stord, Sveio, Tysnes, Ulvik, Vaksdal og Voss.

**Selskapet sitt føremål** 1. Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane blir tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. arkivlova § 6.

2. Selskapet skal yte deltakarane desse tenestene som er finansierte gjennom det årlege driftstilskotet: ordning og katalogisering av deltakarane sine eldre arkiv, utarbeiding og revisjon av overordna arkivplanar for deltakarane, lokale kurs om



---

arkivfaglege emne, tilsyn med at arkivdanning og arkivlokale hos deltakarane er i samsvar med føresegnene i lov om arkiv og forskrift om offentlege arkiv, rettleiing om arkivfaglege spørsmål, rettleiing om bevaring av elektroniske arkiv. Selskapet skal drive fagleg utviklingsarbeid for å gi deltakarane nødvendig og oppdatert rettleiing om arkivfaglege spørsmål. Kvar deltakarkommune har rett til å få utført arbeid i samsvar med kommunen sitt driftstilskot. Styret gjer vedtak om dei årlege rammene for dette arbeidet. Interkommunalt arkiv i Hordaland og den einskilde deltakarkommunen avtalar årleg kva oppgåver dette arbeidet skal omfatte.

3. Selskapet kan etter avtale med den einskilde deltakaren vere arkivdepot for papirbaserte og elektroniske arkiv, jfr. forskrift om offentlege arkiv, jf. forskrift om offentlege arkiv §§ 5-1 - 5-6.

---

**Informasjon  
om selskapet**

Selskapet blei stifta 22.05.2002, og er eigd av 24 kommunar i Vestland. Eigarane betalar inn årlege tilskot til drift etter vedtak i representantskapet. Tilskotet skal vera eit grunnbeløp samt eit kronebeløp per innbyggjar. Bømlø har per 01.01.2020 egedel på 4,4 %. Egedelalen skal justerast kvart fjerde år på grunnlag av kvar enkelt eigar sitt årlege tilskot til selskapet. Egedelane skal justerast ved innmelding og utmelding. Den einskilde eigar heftar uavgrensa for sine aktuelle eigardeler av selskapet sine samla forpliktingar.

---

**Mål med  
kommunens  
eigarskap**

Føremålet med eigarskapet er å sikra at verdifullt arkivmateriale i Stord kommune blir teke vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.

---

### Selskap der kommunen ikkje har full innsynsrett

Selskap som er presentert i tabellane under er selskap der kommunen har eigarskap, men som ikkje kjem inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardelar eller samvirkeføretak. Informasjonen er i hovudsak henta frå Dun & Bradstreet Smartcheck, proff.no og kommunens eigarskapsmelding frå 2022.

Stord Folkehøgskule AS																																					
<b>Eigarar</b>	Stord kommune– 49,7%  <i>Andre eigarar: Atheno Prosjektutvikling AS</i>																																				
<b>Selskapet sitt føremål</b>	Føremålet med Stord Folkehøgskule AS er drift av Stord folkehøgskule, her under å sikre gode rammevilkår for skulen og skulestyret i deira arbeid med folkeopplysing og allmenndanning. Inntektsgivande verksemd knytt til skulebygget utover folkehøgskuledrifta. Stord folkehøgskule skal vere ein frilynt folkehøgskule, i samsvar med den grunnleggjande folkehøgskuletradisjonen, med vekt på entreprenørskap i nærings- og organisasjonsliv; med FN's berekraftsmål i botn. Sikra eit attraktivt folkehøgskule-tilbod i Leirvik sentrum, bidra til tilreisande studentar, aktivitet året rundt, mangfald i arbeidsplassar og støtte opp om skulens arbeid med allmenndanning, og intern og ekstern arena for folkeopplysing."																																				
<b>Informasjon om selskapet</b>	Selskapet blei stifta i 2018.																																				
<b>Mål med kommunen sitt eigarskap</b>	I saksframlegget til KS PS 59/20, stod dette i vurderinga: «Interimstyret for folkehøgskulen og prosjektleiinga har gjort eit stort og godt arbeid. Med tildelinga av kr 750 000 i startmidlar har prosjektet nådd ein viktig milepæl. Disse midlane er meint å førebu skulen til ordinær finansiering, som altså er venta å bli avklara i framlegg til statsbudsjett i oktober. Rådmannen ser at det er trong for å styrka kapitalen i selskapet. Han meiner og at det kan vera eit viktig signal til sentrale styresmakter og for det vidare arbeidet med å reisa aksjekapital at kommunen går inn på eigarsida. Ein folkehøgskule med 125 elevar og ein stab på rundt 20 årsverk vil bli eit svært positivt tilskot til Stord-samfunnet. Søknaden legg ikkje opp til- og rådmannen meiner det må vera eit vilkår at kommunen ikkje skal gå inn med driftskapital/driftstilskot i selskapet. Kommunen sin økonomiske situasjon tilseier ikkje at ein tek på seg ei slik ny oppgåve. Rådmannen meiner vidare at kommunestyret for emisjonen bør ta atterhald om at prosjektet får endeleg finansiering over statsbudsjettet.»																																				
<b>Nøkkeltal (beløp i 1 000)</b>	<table border="1"><thead><tr><th></th><th>2022</th><th>2021</th><th>2020</th><th>2019</th><th>2018</th></tr></thead><tbody><tr><td>Totalinntekt</td><td>29 512</td><td>11 139</td><td>850</td><td>25</td><td>109</td></tr><tr><td>Driftsresultat</td><td>2 346</td><td>-823</td><td>77</td><td>-29</td><td>6</td></tr><tr><td>Årsresultat</td><td>1 707</td><td>-889</td><td>77</td><td>-29</td><td>6</td></tr><tr><td>Eigenkapital</td><td>1 537</td><td>-170</td><td>79</td><td>2</td><td>31</td></tr><tr><td>Gjeld</td><td>5 509</td><td>4 705</td><td>150</td><td>17</td><td>6</td></tr></tbody></table>		2022	2021	2020	2019	2018	Totalinntekt	29 512	11 139	850	25	109	Driftsresultat	2 346	-823	77	-29	6	Årsresultat	1 707	-889	77	-29	6	Eigenkapital	1 537	-170	79	2	31	Gjeld	5 509	4 705	150	17	6
	2022	2021	2020	2019	2018																																
Totalinntekt	29 512	11 139	850	25	109																																
Driftsresultat	2 346	-823	77	-29	6																																
Årsresultat	1 707	-889	77	-29	6																																
Eigenkapital	1 537	-170	79	2	31																																
Gjeld	5 509	4 705	150	17	6																																
<b>Økonomisk risikoanalyse</b>	<table border="1"><thead><tr><th>Indikatorar</th><th>Inntening</th><th>Soliditet</th><th>Likviditet</th><th>Effektivitet</th><th>Risikoscore</th></tr></thead><tbody><tr><td>Kort sikt</td><td>5,00</td><td>3,00</td><td>4,25</td><td>4,20</td><td rowspan="3"><b>3,65</b></td></tr><tr><td>Lang sikt</td><td>3,50</td><td>2,67</td><td>4,25</td><td>3,40</td></tr><tr><td>Score</td><td>3,80</td><td>2,90</td><td>4,25</td><td>3,60</td></tr></tbody></table>	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore	Kort sikt	5,00	3,00	4,25	4,20	<b>3,65</b>	Lang sikt	3,50	2,67	4,25	3,40	Score	3,80	2,90	4,25	3,60														
Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore																																
Kort sikt	5,00	3,00	4,25	4,20	<b>3,65</b>																																
Lang sikt	3,50	2,67	4,25	3,40																																	
Score	3,80	2,90	4,25	3,60																																	

## Opero Holding AS

Eigarar Stord – 28,03%

Andre eigarar: Bømlo, Vestland, Kvinnherad, Sveio, Fitjar, Tysnes, Etne, Vindafjord, Sør-Norge Aluminium AS

**Selskapet sitt føremål** Skal via eigarskap i dotterselskapa Opero AS og Ås barnehage AS utvikla og levera tenester som har fokus på å fremja arbeidsdeltaking i det ordinære arbeidsliv, uavhengig av kva utfordringar dei forskjellige deltakarane har. Skal søka å styrka sine og dotterselskapa sin posisjon innanfor dei tenesteytande felt der det er naturleg med tanke på kompetanse og kapasitet, og som vil utvikla verksemda sin generelle styrke og føremål. Skal yte drifts- og servicefunksjonar i høve til dotterselskapa Opero AS og Ås barnehage AS. Har ikkje økonomiske føremål, og det skal ikkje delast ut utbytte. Eventuelt overskot skal vera i verksemda og komma føremålet til gode.

**Informasjon om selskapet** Selskapet blei stifta i 1978. Skifta namn frå Sunnhordland industri AS til Opero AS mai 2012.

**Mål med kommunen sitt eigarskap** Føremålet med eigarskap i Opero AS er å etterkomma NAV sine krav til offentleg fleirtalseigarskap i bedrifter som er tiltaksarrangør. Eigarskapen i Opero AS er samfunnsøkonomisk og sosialpolitisk motivert.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	6 795	5 623	21 660	37 484	38 388
Driftsresultat	159	55	219	205	633
Årsresultat	154	73	139	53	475
Eigenkapital	17 539	17 385	17 312	17 173	17 120
Gjeld	11 529	5 990	4 933	12 071	12 823

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	3,50	5,00	2,00	2,80	<b>3,58</b>
	Lang sikt	3,50	5,00	4,25	3,00	
	Score	3,50	5,00	2,45	2,95	

## Huglabutikken AS

Eigarar Stord – 8,53%

Andre eigarar: Bedrifter og privatpersonar

**Selskapet sitt føremål** Handel med daglegvarer og anna verksemd som naturleg fell inn under dette.

**Informasjon om selskapet** Selskapet var stifta i 2006.

Mål med kommunen sitt eigarskap Ikkje oppgitt i eigarskapsmelding.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	5 890	5 203	5 274	4 652	4 704
Driftsresultat	123	-178	294	140	82
Årsresultat	101	-210	272	103	54
Eigenkapital	1 037	836	1 045	774	670
Gjeld	782	621	1 348	288	272

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	4,50	5,00	5,00	4,20	<b>4,77</b>
	Lang sikt	4,50	5,00	5,00	4,20	
	Score	4,50	5,00	5,00	4,20	

## Atheno AS

Eigarar Stord kommune – 3,91%

Andre eigarar: Fitjar kommune, bedriftar og verksemder

### Selskapet sitt føremål

Selskapet sitt føremål er:

- Å fremja auka samarbeid innan industrien i regionen. Dette skal primært skje ved å utvikla nettverksarenaer for å gjera medlemsbedriftene meir innovative og konkurransedyktige. Ressurspersonar frå bedriftene skal knytast saman i ressursnettverk.
- Å driva inkubatorverksemd i regionen og arbeida for entreprenørskap og nyskaping i vid forstand.
- Å driva regionalt nærings- og samfunnsutviklingsarbeid som bidreg til oppstart og vidareutvikling av verksemder i Sunnhordland.
- Å tilby tenester til næringsliv og offentlege aktørar til så høg kvalitet og attraktiv pris at ein blir den føretrekte samarbeidspartnaren for desse.
- Å arbeide fram samt å tilretteleggja og tilby naudsynt kompetanse i regionen.

### Informasjon om selskapet

Vekst Industri Sunnhordland AS (VIS AS) gikk inn i Industrinettverket AS i desember 2007. Selskapet fekk namnet Industrinettverket VIS AS. Namnet blei endra til Atheno AS i 2008.

### Mål med kommunen sitt eigarskap

Føremålet med eigarskapet i Atheno AS er å sikre at selskapet utviklar regionen og næringslivet på ein måte som kjem kommunen til gode. Det er viktig for Stord kommune å signalisere oppslutning om selskapet gjennom ein viss eigarpost – samtidig som ein slik eigarpost gjev høve til å utøve eigarstyring og påverknad m.a. når det gjeld selskapet si styresamansetjing.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	13 796	13 542	10 128	9 286	9 689
Driftsresultat	52	392	134	38	-102
Årsresultat	110	399	149	51	-97
Eigenkapital	6 335	6 225	5 827	5 459	5 292
Gjeld	3 197	2 616	2 060	1 676	2 067

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	3,50	5,00	5,00	3,60	<b>4,31</b>
	Lang sikt	3,50	5,00	5,00	2,20	
	Score	3,50	5,00	5,00	2,55	

### Kinoalliansen AS

**Eigarar** Stord kommune – 3,7%

*Andre eigarar: Kommunar, kinoar og andre verksemdar*

**Selskapet sitt føremål** Selskapet si verksemd er å forhandle og inngå avtalar innan sal.marknadsføring, filmleige, serviceavtalar kinoteknikk, kioskdirift, billettsystem og andre forretningsområde knytt til kinodrift på vegne av kinoleiarar i selskap og kommunar som driv kinodrift eller liknande verksemd og er medeigar i KinoAlliansen AS, samt alt i samband med dette.

**Informasjon om selskapet** KinoAlliansen FLI blei oppretta i 2003. I generalforsamling 06.06.16, blei KinoAlliansen omgjort frå FLI til AS. Motivet var å styrka organisasjonen og få den til å bli ei juridisk eining og såleis stå betre rusta i forhandlingar.

**Mål med kommunen sitt eigarskap** Ikkje oppgitt i eigarskapsmelding.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	2 248	664	472	1 030	1 089
Driftsresultat	874	-130	59	25	82
Årsresultat	710	-130	46	18	63
Eigenkapital	1 393	683	799	753	735
Gjeld	435	3	33	24	29

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	5,00	5,00	5,00	2,60	<b>4,70</b>
	Lang sikt	4,75	5,00	5,00	2,60	
	Score	4,80	5,00	5,00	2,60	

## Hordfast AS

**Eigarar** Stord kommune – 3,37%

Andre eigarar: Kommunar og næringslivsorganisasjonar

**Selskapet sitt føremål** Selskapet skal arbeida for å realisere ferjefri kyststamveg - E39 - i Hordaland. Selskapet skal særleg arbeida med tiltak som støtter opp om å få eit vedtak om å byggja ferjefri kyststamveg, samt få dette realisert. Under dette bidra til eventuell forskotering eller delfinansiering av utgreingar og planar som er nødvendig for lokale og nasjonale vedtak.

**Informasjon om selskapet** Selskapet blei stifta 20.08.2010. Aksjekapital er på kr 148 000,- fordelt på 148 aksjar à kr 1 000,-.

**Mål med kommunen sitt eigarskap** Ikkje oppgitt i eigarskapsmelding.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	1 812	1 535	2 035	2 142	1 700
Driftsresultat	-147	-376	-104	-155	-181
Årsresultat	-147	-374	-102	-154	-180
Eigenkapital	-315	-168	206	189	343
Gjeld	2 227	2 269	2 034	2 103	2 190

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	1,00	1,00	2,00	2,60	1,61
	Lang sikt	1,00	1,67	3,25	2,80	
	Score	1,00	1,20	2,25	2,75	

## E134 Haukelivegen AS

**Eigarar** Stord kommune – 2,17%

Andre eigarar: Fleire kommunar, fylkeskommunar og selskap på vest- og austlandet.

**Selskapet sitt føremål** Arbeide for utbygging og standardheving av transportkorridoren E134 Karmøy-Frogn, RV36 Seljord-E18 og sambandet E134-Bergen. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren når dette styrker arbeidet for korridoren. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingselskap. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål. Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet.

**Informasjon om selskapet** Selskapet blei stifta 10. januar 2001. Aksjekapitalen er på kr 460 000,- fordelt på 460 aksjar à 1 000 kroner. Selskapet sine aksjeeigarar er kommunar i Hordaland/Rogaland og Telemark, samt ein del private eigarar.

**Mål med kommunen sitt eigarskap** Ikkje oppgitt i eigarskapsmelding.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	1 778	1 336	1 243	1 499	1 214
Driftsresultat	-200	-461	-1 252	18	-217
Årsresultat	-163	-438	-1 230	66	-195
Eigenkapital	1 742	1 904	2 342	3 572	3 505
Gjeld	290	273	247	209	286

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	1,00	5,00	5,00	4,20	3,84
Lang sikt	1,50	5,00	5,00	4,20		
Score	1,40	5,00	5,00	4,20		

### Sunnhordland Kraftlag AS

**Eigarar** Stord kommune – 2,13%

*Andre eigarar: Haugland Kraft AS, Eviny AS*

**Selskapet sitt føremål** Produksjon, overføring, distribusjon og omsetning av energi samt anna verksemd knytt til desse områda. Verksemda kan og drivast i samarbeid med eller ved deltaking i andre føretak med tilsvarende eller liknande føremål.

**Informasjon om selskapet** Selskapet blei stifta i 1946.

**Mål med kommunen sitt eigarskap** Ikkje oppgitt i eigarskapsmelding.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	5 519 442	2 163 066	344 404	986 580	1 254 857
Driftsresultat	4 760 469	1 676 711	56 978	597 279	818 151
Årsresultat	1 745 610	700 193	4 678	268 787	353 088
Eigenkapital	3 044 851	2 712 249	2 428 242	2 434 147	2 318 799
Gjeld	5 331 635	2 559 861	1 517 940	1 397 441	1 572 746

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	5,00	4,57	3,50	4,60	<b>4,35</b>
	Lang sikt	5,00	5,00	2,75	4,20	
	Score	5,00	4,70	3,35	4,30	

## IMS Kjeden AS

**Eigarar** Stord kommune – 1%

*Andre eigarar: Ulike bedrifter*

**Selskapet sitt føremål** Drive kjedevirksomhet innen storhusholdning og servicemarkedet. Kjeden har som formål å betale ut mest mulig av inntektene til medlemmene.

**Informasjon om selskapet** Selskapet blei stifta i 1997.

**Mål med kommunen sitt eigarskap** Ikkje oppgitt i eigarskapsmelding.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	16 053	14 472	10 762	12 806	9 692
Driftsresultat	-49	-14	-13	718	-28
Årsresultat	1	1	1	600	18
Eigenkapital	2 401	2 400	2 384	2 373	1 643
Gjeld	13 191	10 187	7 565	7 171	5 561

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	3,25	3,14	4,25	4,40	<b>3,73</b>
	Lang sikt	3,50	4,33	4,25	3,40	
	Score	3,45	3,50	4,25	3,65	





# Vedlegg 2 Rekneskapsanalyse

## Innleiing

### Om dokumentet

Rekneskapsanalysen i denne rapporten ser på fire ulike område av eit selskap sin finansielle risiko. Desse områda er:

- Inntening
- Soliditet
- Likviditet
- Effektivitet

Kvar av desse områda med tilhøyrande nøkkeltal er beskive i sine respektive avsnitt under.

Det er ingenting i vegen for å lesa dokumentet frå start til slutt, men dette dokumentet fungerer kanskje best som eit lite oppslagsverk for nøkkeltala som er nytta i rekneskapsanalysen.

### Avgrensingar ved analysen

Denne rekneskapsanalysen er heilt lik for alle selskap uavhengig av bransje. Dette medfører nokre utfordringar for tolkinga av nøkkeltala. Til dømes kan det henda at nokre bransjar opererer med lange kredittider for både kundar og leverandørar utan at dette er noko problem, medan andre bransjar har kortare kredittider. Nokre bransjar er kapitalintensive og andre bransjar er arbeidsintensive, i tillegg til at det er ulike forretningsmodellar som påverkar resultatoppsett og innteningstidspunkt.

Det er derfor viktig å vera klar over kva for avgrensingar analysen har. Analysen må derfor først og fremst sjåast som eit hurtig overblikk og ein god indikasjon på den finansielle risikoen i eit selskap, men ikkje som ein endeleg fasit.

Likevel er det lagt ned eit betydeleg tankearbeid for å skapa ein rekneskapsanalyse som er så god som mogleg og treff best mogleg for flest mogleg selskap.

### Inntening

Inntening og lønsamheit er sentrale omgrep i rekneskapsanalyse og refererer til den totale inntekta eller lønsamheita eit selskap skaper gjennom sin drift i ein bestemt tidsperiode. Inntening er berre ein del av rekneskapsanalysen, men den gir viktig innsikt i selskapet sin økonomiske helse. Inntening blir ofte vurdert i høve til tidlegare periodar, bransjestandardar og konkurrentar sine resultat for å vurdere selskapet sin yting og framtidige utsikter.

Lønsamheita til eit selskap blir ofte også vurdert opp mot kor mykje kapital som blir brukt for å skapa resultatet selskapet genererer. Då snakkar vi om rentabilitet på ulike nivå, til dømes driftsrentabilitet, totalrentabilitet og eigenkapitalrentabilitet.

Under følgjer ei forklaring til dei ulike nøkkeltala for inntening som er nytta i rekneskapsanalysen og korleis dei skal tolkast.

### Rentedekningsgrad

#### Om nøkkeltalet

Rentedekningsgraden viser i kor stor grad resultatet (før rentekostnader) kan dekke rentekostnadene. Eit nivå på 100% betyr at resultatet før rentekostnader er like stort som rentekostnadene og betyr at heile resultatet blir brukt til å dekke rentekostnadene. Eit nivå på 300% betyr at resultatet er tre gonger så stort som rentekostnadene.

### Formel

$(\text{Annan rentekostnad} + \text{annan finanskostnad} + \text{Ordinært resultat før skattekostnad}) / (\text{Annan rentekostnad} + \text{annan finanskostnad})$

### Tolking av nøkkeltalet

Dette nøkkeltalet ser på resultatata som blir skapte opp mot rentekostnadene. Det er viktig at innteninga er god nok til å dekke rentekostnadene. Derfor må ein rentedekningsgrad på 100% vera å rekna som eit minimum. For å få ein lysegrøn score i vår modell krevst det eit nivå på minst 300%. Under viser vi intervallane som blir nytta for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
100 %	100 %	200 %	200 %	300 %	300 %	500 %	500 %

### **Driftsrentabilitet**

#### Om nøkkeltalet

Driftsrentabiliteten viser kor stor avkastning (rentabilitet) drifta genererte sett opp mot driftskapitalen som er bunde i selskapet.

#### Formel

Driftsresultat / Gjennomsnittlege driftseigedelar

#### Tolking av nøkkeltalet

Dette nøkkeltalet relaterer til innteninga på drifta opp mot driftsmidlane som er bunde i selskapet. Ein driftsrentabilitet på 0% tilsvarer eit driftsresultat på 0. Ein bør forvente eit positivt driftsresultat og som ein tommelfingerregel bør driftsrentabiliteten ligge over alminneleg utlånsrentenivå. Under viser vi intervallane som er brukt for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
-3 %	-3 %	0 %	0 %	5 %	5 %	10 %	10 %

### **Totalrentabilitet**

#### Om nøkkeltalet

Driftsrentabiliteten viser kor stor avkastning (lønsamheit) drifta genererte sett opp mot driftskapitalen som er bunden i selskapet.

#### Formel

Driftsresultat / Gjennomsnittlege driftseigedomar

#### Tolking av nøkkeltalet

Dette nøkkeltalet relaterer til innteninga på drifta opp mot driftsmidlane som er bundne i selskapet. Ein driftsrentabilitet på 0% svarar til eit driftsresultat på 0. Ein bør forvente eit positivt driftsresultat, og som ein tommelfingerregel bør driftsrentabiliteten ligge over det vanlege utlånsrentenivået. Under viser vi intervallane som er nytta for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
-2 %	-2 %	0 %	0 %	4 %	4 %	8 %	8 %

### **Eigenkapitalrentabilitet**

#### Om nøkkeltalet

Eigenkapitalrentabiliteten viser kva avkastning eigarane får på eigenkapitalen (risikovillig kapital).

### Formel

(Ordinært resultat før skattekostnader + Annan rentekostnad + Annan finanskostnad) / Gjennomsnittlige totale eiedomar

### Tolking av nøkkeltala

Dette nøkkeltalet bør ligge klart over det vanlege utlånsrentenivået, sidan eigenkapitalen tar større risiko enn utlånarar og dermed også vil krevje ein høgare avkastning. Ei fallgrube ved å bruke dette nøkkeltalet isolert sett er at selskap som har tapt delar av aksjekapitalen kan med eit svært beskjedent overskot kome ut med ein høg eigenkapitalrentabilitet. Under viser vi intervallane som er nytta for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
-5 %	-5 %	0 %	0 %	8 %	8 %	15 %	15 %

### **Soliditet**

Soliditet er eit omgrep som blir brukt i rekneskapsanalyse for å vurdere kor solid og påliteleg ein selskap si økonomiske stilling er. Soliditet gir investorar, utlånarar og andre interessentar innsikt i kor godt ei bedrift er i stand til å handtere økonomiske vanskar og betene gjeld.

Det er lurt å samanlikne selskapet si soliditet med bransjen sitt gjennomsnitt og tidlegare periodar for å få eit meir heilskapleg bilete av bedrifta si økonomiske helse.

Der inntening ser på resultatata som er skapte over ein viss tidsperiode (for eksempel eitt år), er soliditet derimot eit augeblikksbilete på eit gitt tidspunkt (for eksempel per 31.12 i eit gitt år). Dette er ein grunnleggjande skilnad som det er viktig å vera klar over.

Under følgjer ei forklaring til dei ulike nøkkeltala for soliditet som er nytta i rekneskapsanalysen og korleis dei skal tolkast.

### **Eigenkapitalandel**

#### Om nøkkeltala

Eigenkapitalandelen viser kor stor del av selskapet sine eiedomar som er finansiert med eigenkapital. Det vil seie kor mykje eigenkapital det er i høve til totalkapitalen, som er selskapet sin balansesum (sum gjeld og eigenkapital).

### Formel

Eigenkapital / Totalkapital

### Tolking av nøkkeltala

Det er vanskeleg å gi eit klart svar på kor stor eigenkapitalandelen bør vere generelt, dette vil variere frå bransje til bransje. Dette nøkkeltala må derfor tolkast med litt varsomheit. Men jo høgare eigenkapitalandelen er, jo høgare er soliditeten til bedrifta, alt anna likt. Under viser vi intervallane som er nytta for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
10 %	10 %	20 %	20 %	30 %	30 %	50 %	50 %

### **Tapsbuffer**

#### Om nøkkeltala

Tapsbufferen viser kor stor eigenkapital selskapet har i høve til omsetninga (driftsinntektene). Dette nøkkeltalet viser derfor kor stort underskot (i prosent av inntektene) selskapet kan ha før eigenkapitalen er tapt, gitt at driftsinntektene for neste år blir like store som fjorårets driftsinntekter.

### Formel

Eigenkapital / Totalinntekt

### Tolking av nøkkeltala

Dette nøkkeltalet viser kor mykje eigenkapital selskapet har for å kunne stå imot framtidige tap. Det vil igjen avhenge litt frå bransje til bransje kva som er eit godt nivå. Dersom resultata i bransjen svingar mykje frå år til år og tapa i einseilde år kan vere høge, bør tapsbufferen vere større enn i ein bransje der resultata er meir stabile over tid. På generelt grunnlag kan ein seie at jo høgare tapsbufferen er, jo høgare er soliditeten til bedrifta, alt anna likt. Under viser vi intervallane som er nytta for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
2 %	2 %	5 %	10 %	10 %	10 %	15 %	15 %

### Likviditet

Likviditet er eit omgrep som blir brukt i rekneskapsanalyse for å vurdere kor godt eit selskap er i stand til å møte sine kortsiktige forplikingar, som å betale rekningar, lønn til tilsette og gjeld. Dette avheng av selskapet si evne til å konvertere eigedomar til kontantar raskt og enkelt. Likviditet gir ein peikepinn på kor robust selskapet sin økonomi er og deira evne til å handtere økonomiske utfordringar.

I tillegg til nøkkeltal basert på balansestorleikar blir det ofte brukt kontantstraumanalysar for å vurdere selskapet sin evne til å generere kontantar frå drifta. Dette er ikkje nytta i denne analysen!

Til slutt kan det nemnast at høg likviditet gir ein tryggare økonomisk posisjon for eit selskap, men det er viktig å finne ein rett balanse mellom å ha tilstrekkeleg likviditet og å investere kapital i meir lønsame aktivitetar.

Under følgjer ei forklaring til dei ulike nøkkeltala for likviditet som er nytta i rekneskapsanalysen og korleis dei skal tolkast.

### Likviditetsgrad 1

#### Om nøkkeltala

Likviditetsgrad 1 viser kor store omløpsmidlane (kortsiktige eigedomar som forventast å bli gjort om til kontantar i løpet av eit år) er i høve til kortsiktig gjeld (betalingforplikingar det næraste året).

#### Formel

Omløpsmidlar / Kortsiktig gjeld

### Tolking av nøkkeltala

Dette nøkkeltala bør ligge over 1,3 for å kunne reknast som tilfredsstillande. Eit nøkkeltal på 1,3 betyr at ein har 30 % meir kortsiktige eigedomar enn kortsiktig gjeld. Under viser vi intervallane som er nytta for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
0,7	0,7	1	1	1,3	1,3	1,8	1,8

### Likviditetsgrad 2

#### Om nøkkeltalet

I Likviditetsgrad 2 er varelageret, som reknast som det minst likvide omløpsmiddelet, trekt frå i utrekninga samanlikna med likviditetsgrad 1.

#### Formel

(Omløpsmidlar - Varelager) / Kortsiktig gjeld

### Tolking av nøkkeltalet

Dette nøkkeltalet bør ligge over 1,0 for å kunne vurderast som tilfredsstillande. Eit nøkkeltal på 1,0 fortel oss at selskapet har like mykje likvide eigedomar som kortsiktige betalingsforpliktingar. Under viser vi intervallane som er brukt for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
0,5	0,5	0,8	0,8	1	1	1,4	1,4

### Likviditetsgrad 3

#### Om nøkkeltalet

Likviditetsgrad 3 fortel noko om forholdet mellom dei aller mest likvide midlane og kortsiktig gjeld. Dei aller mest likvide midlane er bankinnskot, kontantar og liknande.

#### Formel

Bankinnskot, kontantar o.l. / Kortsiktig gjeld

#### Tolking av nøkkeltalet

Dette nøkkeltalet bør ligge over 0,33 for å kunne vurderast som tilfredsstillande. Eit nøkkeltal på 0,33 fortel oss at selskapet har bankinnskot, kontantar og liknande som kan dekke 4 månaders betalingsforpliktingar (12 månader \* 0,33 = 4 månader), under føresetnad av at betalingsforpliktingane forfell jamt gjennom året. Under viser vi intervallane som er brukt for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
0,18	0,18	0,25	0,25	0,33	0,33	0,5	0,5

### Likvider i prosent av sal

#### Om nøkkeltalet

Likvidar i prosent av sal er eit mål på kor mykje selskapet sine aller mest likvide midlar utgjer i prosent av årlege driftsinntekter.

#### Formel

Bankinnskot, kontantar o.l. / Totalinntekt

#### Tolking av nøkkeltalet

Dette nøkkeltalet bør ligge over 5% for å kunne vurderast som tilfredsstillande. Under viser vi intervallane som er brukt for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
1,5 %	1,5 %	3 %	3 %	5 %	5 %	8 %	8 %

### Effektivitet

Effektivitet er eit omgrep som blir brukt i rekneskapsanalyse for å vurdere kor godt eit selskap nyttar ressursane sine for å generere inntekter, fortjeneste eller andre økonomiske resultat. Det handlar om å vurdere kor effektivt eit selskap styrer dei operative prosessane og ressursane sine for å oppnå økonomiske mål.

Ein høg grad av effektivitet kan indikere sunn verksemdsstyring og potensial for lønsam vekst, medan låg effektivitet kan signalisere ineffektiv bruk av ressursar og behov for forbetringar. Det er viktig å merke seg at effektivitet må vurderast saman med andre finansielle og operative faktorar for å få eit heilskapleg bilete av verksemda si yting.

Under følger ei forklaring til dei ulike nøkkeltala for likviditet som blir brukt i rekneskapsanalysen og korleis dei skal tolkast.

### Gjennomsnittleg lagertid (i dagar)

#### Om nøkkeltalet

Gjennomsnittleg lagertid viser kor mange dagar varene ligg på lager i gjennomsnitt. Jo kortare lagertid, desto raskare er omløpshastigheita på varelageret.

#### Formel

Gjennomsnittleg varelager \* 365 / Varekostnad

#### Tolking av nøkkeltalet

Høg omløpshastigheit på varelageret er positivt for likviditeten i selskapet. Det vurderast derfor betre jo lågare dette nøkkeltalet er. Under viser vi intervallane som er brukt for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
90	90	60	60	30	30	10	10

### Gjennomsnittleg kredittid for debitorar (i dagar)

#### Om nøkkeltalet

Gjennomsnittleg kredittid for debitorar måler i gjennomsnitt kor lang tid det tar frå kunden fakturerast til kunden betaler. Jo kortare kredittid, desto raskare vil pengane sirkulere, noko som styrker verksemda si likviditet.

#### Formel

Gjennomsnittleg kundefordringar \* 365 / Totalinntekt

#### Tolking av nøkkeltalet

Kva som er akseptabel kredittid, er vanskeleg å seie på eit generelt grunnlag sidan dette vil variere frå bransje til bransje. Men jo kortare kredittiden er, jo betre vil likviditeten til selskapet vere. Det blir derfor vurdert som betre jo lågare dette nøkkeltalet er. Under viser vi intervallane som er brukt for kvar nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
60	60	30	30	10	10	5	5

### Gjennomsnittleg kredittid for leverandørar (i dagar)

#### Om nøkkeltalet

Gjennomsnittleg kredittid for leverandørar viser kor lang kredittid verksemda faktisk har til sine leverandørar.

#### Formel

Gjennomsnittleg leverandørgjeld \* 365 / Varekjøp

#### Tolking av nøkkeltalet

Kva som er akseptabel kredittid, er vanskeleg å seie på eit generelt grunnlag sidan dette vil variere frå bransje til bransje. Eit klart faresignal er dersom kredittiden er lengre enn det ein kan forvente at verksemda har fått innvilga kreditt. Dette inneber at verksemda ikkje betaler sine leverandørar til avtalt forfallstid. Under viser vi intervallane som er brukt for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
90	90	60	60	30	30	10	10

## Debitorgrad

### Om nøkkeltalet

Debitorgraden viser kor stor del av ein månads omsetning som er utestående.

### Formel

Kundefordringar \* 12 / Totalinntekt

### Tolking av nøkkeltalet

For eit selskap som normalt sett sel på kreditt, bør forholdstalet vere i intervallet 1,2 - 1,4. Er debitorgraden større enn 1,4 kan dette tyde på at kundereskontroen består av ein større del fordringar som har forfalle med meir enn 30 dagar. Jo høgare debitorgrad, desto større sannsyn for potensielle tap i fordringsmassen. Under viser vi intervallane som er brukt for kvar nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
1,8	1,8	1,4	1,4	1,2	1,2	0,8	0,8

## Kreditorgrad

### Om nøkkeltalet

Kreditorgraden viser kor stor del av ein månads omsetning som er bunden i leverandørgjeld.

### Formel

Leverandørgjeld \* 12 / Totalinntekt

### Tolking av nøkkeltalet

For eit selskap som normalt kjøper inn på kreditt, bør forholdstalet vere i intervallet 0,8 - 1,0. Er kreditorgraden større enn 1,0 kan dette tyde på at leverandørreskontroen består av ein større del fakturaer som har forfalle med meir enn 30 dagar. Jo høgare kreditorgrad, desto større sannsyn for å pådra seg betalingsanmerkingar og bli belasta forsinkingsrenter. Under viser vi intervallane som er brukt for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
1,4	1,4	1	1	0,8	0,8	0,5	0,5





Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (DTTL), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte provides industry-leading audit and assurance, tax and legal, consulting, financial advisory, and risk advisory services to nearly 90% of the Fortune Global 500® and thousands of private companies. Our people deliver measurable and lasting results that help reinforce public trust in capital markets, enable clients to transform and thrive, and lead the way toward a stronger economy, a more equitable society, and a sustainable world. Building on its 175-plus year history, Deloitte spans more than 150 countries and territories. Learn how Deloitte’s more than 450,000 people worldwide make an impact that matters at [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no).